

Vil styrkje samarbeidet

Diktarvegen ynskjer å styrkje samhandlinga mellom regionane langs rv. 13. No blir det konferanse i Balestrand.

S. 16 - 17

Nynorsk marknadsføring

Direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim, meiner reklamebyrå ofte gir verksemder feil råd når det gjeld språkval.

S. 8 - 10

Etterlyser idébank

Mimi Bjerkestrand i Utdanningsforbundet meiner det er behov for ein idébank der lærarane kan hente ut nynorsk materiell.

S. 6

Profilen



Einar Økland (70) meiner framleis litteraturen skal stå på egne bein.

• Sjå s.12 - 13

Kreativt miljø



Næringslivet på Bømlo har vore ein vesentleg oppdragsgjevar for kunstnar Janne Robberstad.

• Sjå s.18 - 21

BRUK LNK KORTET

ABC Startside®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

startside.no

Fargerik integrering

s. 7



(Foto: Geir Dilland/argespill)

Sårbare studentar


På Universitetet i Oslo er det berre 2,5 prosent av studentane som ynskjer nynorsk som studiespråk. Berre 2 prosent av masterstudentane leverer oppgåva si på nynorsk. Til samanlikning er det 7 prosent som leverer masteroppgåva si på nynorsk i Bergen.

Marianne Granheim Trøyfløyt, som er journalist i studentavisa ved Universitetet i Oslo, Universitas, stilte tidlegare i år spørsmålet om ikkje Oslo burde vere ein like tilgjengeleg studiestad anten du kom frå Røa eller Røros. Det er eit godt spørsmål. Framleis kjem historiene om at nynorskbrukande studentar vert rådde frå å levere eksamens- og masteroppgåver på nynorsk. Ofte er forklaringa at det medfører så mykje meir arbeid for dei som skal lage eksamensoppgåvene. I andre situasjonar vert det nytta ein så dårleg nynorsk på eksamensoppgåvene at dei er vanskelege å forstå, eller at eksamensvaktene får for dårleg opplæring i dei språklege rettane til studentane.

Det kan godt hende studiedirektør ved Universitetet i Oslo, Monica Bakken, har rett når ho seier det er blitt færre av desse historiene dei siste åra. Men det skjer framleis. Og i følgje Studentmållaget i Oslo er det lite som endrar seg. Framleis tek fleire studentar kontakt med dei for å vite kva rettar dei har når det gjeld nynorsk, og for å klage på at dei ikkje har fått eksamensoppgåvene sine på nynorsk.

Mange studentar er sårbare når dei kjem frå vidaregåande skule og skal byrje på eit universitet. Dersom ein får ei kjensle av at nynorsk berre er til bry, kan det vere lett å skifte over til bokmål. Universiteta må leggje ned eit strategisk arbeid for at nynorskstudentane skal bli stolte og halde på språket sitt. Då vil også prosentdelen av dei som ynskjer nynorsk som studiespråk, auke, og ein vil truleg få meir nynorsk på pensumlistene.

– Det er ingen motstand mot nynorsk ved Universitetet i Oslo, seier Monica Bakken til LNK-avisa. Me håpar det er korrekt og at ein derimot ynskjer å styrke nynorsken sin ståstad ved studiestaden.



Illustrasjon: Leif Harald Forthum

Nynorsk i marknadsføring


 Arne Hjeltnes
Konsernsjef i Creuna

KRONIKK

Det er ikkje lenge sidan det vart rekna som uaktuelt å bruka nynorsk i tradisjonell marknadsføring. Eg trur den tida er forbi.

Sjølv er eg så heldig å høyra til den generasjonen som ikkje har opplevd noko særskild ulempe med å bruka nynorsk. Dei seinaste åra har eg både ute i verda og her heime klara meg godt med nynorsk og engelsk og fått gode attendemeldingar på det.

Det vil sjølvsgatt vera variasjonar.

Men i vanleg kommunikasjon til og frå medarbeidarar eller verksemdar ser eg ingen problem i å skriva brev (viss nokon framleis gjer det) og e-postar på nynorsk.

Poenget må vel vera at det er naturleg for avsendaren.

Når det gjeld marknadsføring, som er det faget eg kjenner best, så er det utan tvil ein fordel å bruka nynorsk, og dialekt, til å forsterka soga om produkta og tenestene ein sel, og for å skilja seg ut.

For det er nettopp det god marknadsføring kan gjera; skilja tilbodet ditt frå det andre har. Og synast i den jungelen som er der ute.

Verksemdar som held til i nynorsktrakter, viser seg som truverdige og spanande når dei bruker nynorsk for å selja varene sine.

Det finns mange gode døme på dette.

Ei av dei flinkaste er Lerum i Sogn, som brukar nynorsk skrift og tale, og som sjolve seier at dei har hatt stor suksess med det.

Likeeins det utmerka produktet Vossafår, som brukar nynorsk og vossadialekt i reklamefilmene sine på fjernsynet.

Transportselskapet Fjord1 nyttar nynorsk i sin kommunikasjon, og eg er viss på at det styrker tilhøvet deira til regionen sin.

I mat og reiseliv vert dette stadig meir vanleg.

Medan ein for berre få år sidan var redde for å støyta vekk norske turistar med å bruka nynorsk, er det i dag med på å framheva eigenarten deira.

Gode merkevarerkesemdar har me ikkje for mange av i Noreg, men nokre av dei som har profilert seg sterkest, er Skigutane på Voss, med merkenamn som Bula og Kari Traa.

Dei har til og med nynorske heimelaga titlar på menneska i verksemda.

Når det gjeld marknadsføring, som er det faget eg kjenner best, så er det utan tvil ein fordel å bruka nynorsk, og dialekt

Sjølv eit av dei aller største selskapa i Noreg, Aker, satsa på Ivar Aasens *Nordmannen* då dei skulle visa seg fram for heile landet.

Eg er difor optimist. Nynorsk gjer jobben, det eignar seg utmerka til kjøp og sal og skapar gode resultat for dei som ynskjer å bygga på eit tydeleg opphav og visa seg fram.

MOT TIL Å MEINA

Stavanger 6.-7. mai, 2010

Demokratiet: Blåmandag eller grøn framtid?

 Aslak Sira Myhre:
Tek me demokratiet for gitt?

 Hadia Tajik:
Kvifor blei eg engasjert?

 Kjetil Dahle:
Nye formidlingsmåtar i media.

 Liv Signe Navarsete:
**Demokratiet treng unge røyster
– men får dei lov?**

 Frank H. Aarebrot:
**Kvifor vel dei unge bort
folkevald arbeid?**

Desse medverkar også:

Kristin Halvorsen, Putte Svensson, Jostein Fretland, Terje Breivik, Geir Almåsvoold Mo, Rune Øygard, Olaug Vervik Bollestad, Jostein Fretland, Tale Hungnes, Olaug Nilssen, Rune Hetland, Øyvind Solstad, Geir Pollestad, Iselin Nybø, Vibeke Mohn Herberg, Ragnhild Lied, Espen Thompson, Gunhild Berge Stang

Fullstendig program på garborg.no

Påmelding:

 Konferanseavgift (utan overnatting),
lunsj begge dagar kr 2.500,-
Overnatting (6. – 7. mai) med festmiddag
torsdag 6. mai kr 1300,-
Trenng du overnatting frå onsdag til torsdag,
gje melding om dette.

 Påmelding innan 26. mars 2010
til e-post seminar@garborg.no
eller telefaks 52 79 04 81.

Ved avmelding mindre enn ei veke før konferansen blir det fakturert full pris.

SITATET:

– Vi kan få ei berekraftig folketalsutvikling i Sogn og Fjordane ved å gjere to erkjenningar. 1: At innbyggjarane ser og utviklar mangfaldet i eige fylke. 2: At fylket som heilskap maktar å kommunisere mangfaldet ut.

Småbrukar og gründer Henning A. Hellebust til Firda

Kulturkompetanse - kjekt å ha?



Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

I svært mange kommunar er det ikkje lenger kulturfagleg kompetanse.

Midt på syttitalet kom den første norske kulturmeldinga. Meldinga var viktig og starta opp prosessar som me ser ettervekst av heilt fram til i dag. Mellom anna hadde meldinga i seg signal til norske kommunar om at det kunne lønna seg å ha ein kulturadministrasjon.

Kommunane tok poenget. Mest alle bygde opp kulturkompetanse i staben, sjølv om kvaliteten nok ymsa mykje. Etter kvart vart den kommunale kultursektoren meir straumlinjeforma - på godt og vondt. Opp gjennom åra har det kome mange krav til omstillingar i kommunane. Det har blitt mindre pengar att til arbeidsfelt som ikkje er lovpålagde, og dei kommunale kulturstillingane forsvann, ein etter ein - særleg i dei små kommunane.

For nokre dagar sidan hørde eg statsråd Liv Signe Navarsete innleia til debatt om lokalt kulturliv på Skei i Jølster. Mange kommunar oppfattar nok Kommunal- og regionaldepartementet som eit slags reservelkulturdepartement, og kanskje med god grunn. Statsråden snakka godt for seg. Ho var faktisk så engasjert i det ho sa, at ho to gonger kom til å kalla seg sjølv kultur- og regionalminister.

Eitt av hovudpunkta i talen var at ein må ta vare på dei lokale eldsjelenene, hjelpa dei fram, tilføra dei kompetanse og støtta dei, slik at dei ikkje brenn seg ut. Dette er viktige – og naturlege – oppgaver for dei fleste kommunale kulturadministrasjonar. Det er berre det at i svært mange kommunar er det ikkje lenger kulturfagleg kompetanse. I alle høve ikkje i mange av dei små kommunane.

I 2007 kom kulturlova. Lova er generell, men likevel viktig. Ho har mellom anna fått konsekvensar for andre lover. Den nye plan- og bygningslova føreset at kommunane har tilgjengeleg kulturfagleg kompetanse, og at alle plansaker skal vurderast kulturfagleg: "Det skal settes mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommunen og regionen," står det å lesa i føremålsparagrafen til lova.

Det er ikkje så lenge til Kommuneproposisjonen skal leggjast fram. Kanskje kommunal- og regionalministeren bør gjera som det vart gjort i kulturmeldinga på syttitalet: leggja inn føringar som gjer at også mindre kommunar ser seg tente med å knyta til seg kulturfagleg kompetanse.

Språkleg inspirasjon

Eit nytt hefte om språkmiljø og språkstimulering er no sendt ut til alle norske førskulelærarar.

Heftet er utarbeidd på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet av førstelektor Anne Høigård, universitetslektor Ingeborg Mjør ved Institutt for førskulelærarutdanning og universitetslektor Trude Hoel ved Lesesenteret, alle fagfolk ved UiS. Språkmiljø og språkstimulering i barnehagen er trekt fram som eitt av fire prioriterte område i strategien til departementet for kompetanseutvikling i barnehagen for perioden 2007–2010. For å støtte barnehagen sitt arbeid med innføring av rammeplanen er det utarbeidd fleire temahefte. Heftet om språk er meint som inspirasjon og grunnlag for refleksjon i arbeidet med å leggje til rette for god språkstimulering i alle norske barnehagar.

Forslag om fritak

Kunnskapsdepartement sitt utkast til rammeplan for grunnskulelærarutdanninga opnar for fritak frå prøve i nynorsk.

Eit slikt fritak kan føre til at ein får lærarar som ikkje kan undervise i heile landet, skriv Norsk Lektorlag på sine nettsider. I utkastet vert det lagt vekt på at visse grupper av lærarar for 1.–7. trinn i grunnskulen kan få fritak frå prøve i skriftleg sidemål.

– Det kan sjå ut som om Kunnskapsdepartementet innfører fritaksvedtak for den nye grunnskulelærarutdanninga som kan føre til at me i framtida får grunnskulelærarar som berre meistrar éi norsk målform, seier Gro Elisabeth Paulsen, leiar i Norsk Lektorlag.

Norsk Lektorlag har no gitt eit høyringssvar der dei stiller spørsmål om dette fritaket vil føre til ein avgrensa undervisningskompetanse i høve kommunane sine opplæringsmål.

Fornøgd, men ikkje mettt

Ordførar Rune Øygard (Ap) i Vågå vart kåra til Årets kommuneprofil 2009 på tampen av fjoråret. Han er glad for det, men vil slett ikkje ha all æra sjølv.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Det er flott at folk legg merke til det vi gjer, er Øygard sin kommentar til det heile. Han er i det heile oppteken av å understreke at det står eit «vi» bak alt som skjer i Vågå, slik seg hør og bør ein ordførar.

Rune Øygard (50) har etter kvart fått lang erfaring i nettopp det å vere ordførar. No er han inne i sin fjerde fireårsperiode som politikar og ordførar i Vågå kommune, og mykje tyder på at han gjer ting vel der han sit. Oppslutnaden til partiet hans lokalt auka frå 30 til 75 prosent for førre val. Statsminister Jens Stoltenberg held Øygard og Vågå fram som eit førebilete. Vågå hadde positiv folketalsutvikling i fjor, for første gong sidan 70-talet. Fotograf Morten Krogvold og matnestor Arne Brimi skal vere med og utvikle kulturskolen i kommunen. Er alt berre fryd og gammen i Vågå, kanskje? Nei, seier ordføraren, her er nok å ta tak i.

– Vi bur i ein kommune med høg gjennomsnittsalder, med dei utfordringane det fører med seg. Regionen vår har òg ein del negative kvalitetar i høve folketalsutvikling, eit magert næringsliv og manglande tilgang på risikokapital, for å nemne noko. Øygard meiner løysinga er å ta tak i det kvar ein skild kommune har å spele på. Vågå kommune vil aldri bli attraktiv for alle, seier han, og ein skal heller ikkje prøve å bli god på alt. Dei urbane kvalitetane må ein dyrke andre stader enn Vågå.



ÅRETS KOMMUNEPROFIL: Rune Øygard (Ap) vart stemt fram som Årets kommuneprofil av Kommunal Rapport sine lesarar på tampen av fjoråret. (Foto: Bjørn Brandt, Norddalen)

– For oss har det til dømes passa å snu næringsarbeidet på hovudet og tenkje nytt. Vi har dyrka kultur mangfaldet og bukvalitetane i kommunen i visse om at næringsliv oppstår der folk bur og trivast. Heile veggen har vi fokus på mulegheiter heller enn avgrensingar.

– Dette har fungert hjå oss, men det tyder ikkje at det vil fungere like godt hjå andre. Kvar kommune må finne sitt språk og sjå kva som er deira sjel. Vi har gjort det som høver bra med vår historie.

EKSTERNE AUGER

Når Rune Øygard snakkar om «vi», så er det ikkje berre tilsette, folkevalde og innbyggjarar han snakkar om. Vågå ordføraren er kjend for å vere ein god nettverksbygger og kan skilte med ein eigen klubb som kjem til Vågå kvart år for å tenkje nye tankar og leggje grunnlaget for nye strategiar. Dette er ikkje først og fremst lokale krefter, men vel så gjerne regionale

BLIR IKKJE HØYRD

– Kva trur du blir den største utfordringa for småkommunane i landet framover?

– Sentralisering av kunnskap. Folk frå distrikta blir alt for lite brukte i nemnder og utval på nasjonalt nivå, og det er eit problem. Det verkar som det finst ei oppfatning av at utkantkommunar representerer avgrensingar.

Dette har djupare røter enn berre reine fordommar, meiner Øygard. Folk i byane har mindre forankring i Distrikts-Noreg no, det er ikkje så mange byfolk som har ei mor eller ein far som soknar til bygdene lenger. Det gjenspeglar seg i media, i politikken og på alle samfunnsområde, og det blir ikkje gitt mykje rom for dei særkvalitetane bygdene har, seier han.

– Vi i distrikta blir tvinga til å organisere oss på same måte som dei store bykommunane, og det er ikkje rett.

– Og løysinga er?

– Mellom anna å overbeise næringslivet om at det finst kvalifiserte folk og gode grunnar til å etablere seg i distrikta.

For Vågå sin del skal svaret på utfordringane i framtida mellom anna vere å satse på skule. Kommunen treng unge, kompetente folk i framtida, og til det trengst det gode skulemiljø, meiner ordføraren.

– Framtida til Vågå, går du framleis inn i den som ordførar, eller ønskjer du deg over til andre beite etterkvart?

– Eg må seie at det ikkje finst noko meir spennande enn å jobbe så tett innpå innbyggjarane som eg gjer. Det er som å ha eksamen kvar dag. Men vi må ikkje bli eit stivnande folk, heller. Det er viktig å sleppe andre til.

Sterk profil i Vågå

– Eg er ikkje overraska over at folk har mobilisert og stemt fram Rune Øygard som Årets kommuneprofil, seier kommunikasjonsrådgjevar Elizabeth Hartmann. – Han har folk med seg.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Hartmann er dagleg leiar i kommunikasjonsbyrået Siste skrik, som har vore med og utvikla merkevarestrategien til Vågå kommune. Ho er òg ein del av Øygard si nettverksgruppe, som samlast i Vågå årleg for å tenkje ut nye strategiar for kommunen. Hartmann karakteriserer Vågå-ordføraren som ein mann som evnar å løfte arbeidet han gjer, opp på eit



GIR RÅD: Elizabeth Hartmann jobbar med merkevarebygginga av Vågå. (Foto: Siste skrik)

høgare nivå, samstundes som han er god til å involvere andre.

– Øygard er ein samansett person. Ein sjarmerande mann med frekkskapens nådegåve, seier Hartmann.

– Det mest imponerende med han er korleis han greier å få folk til å seie ja når dei egentleg hadde tenkt å seie nei. Og det utan at dei blir sure.

KVALITETAR SOM AVGJER

Ho er ikkje i tvil om at dei personlege eigenskapane til ein ordførar kan vere avgjerande for korleis kommunen får løyst oppgåvene sine. Å vere ei drivkraft, ein igangsetjar, er essensielt. Men å vere ein frontfigur åleine er ikkje nok, ingen kan gjere alle oppgåvene sjølv.

– Ein må kunne prioritere saker, ikkje gjere alt sjølv, men fullføre det som er sett i gong. I ein slik samanheng vil ein vere avhengig av gode nettverk, både lokalt og utanbygds.

Hartmann er sjølv ein del av eit nettverk av folk frå nærings- og kulturliv som samlast i Vågå årleg for å tenkje nye tankar om utviklinga av kommunen. Svært få av dei som er involverte i nettverket, har nokon direkte økonomisk gevinst.

– Det interessante med desse nettverksamlingane er at vi får innsyn og kunnskap om korleis ein kommune fungerer, og dét er ein arena som kan vere fjern for oss som beveger oss i det private næringslivet.

GJEVT SELSKAP

Hartmann peiker òg på gevinsten som ligg i å få engasjerte seg i noko ein ser faktiske resultat av. No nyleg har Vågå kommune vore på Stortinget for å presentere kommunen si skulesatsing for politikarane. Kommunen ser for seg å utvikle nye skulekonsept i samarbeid med eit av verdas største IKT-selskap, og dei hadde ifølgje Hartmann eit imponerende følgje, med representantar frå mellom anna KS og Norges Vel, med seg for å tale Vågå si sak overfor stortingspolitikarane.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfriid Borge
Laura Selvtveit
Rune Øygard

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

ABC Startside®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no

– Treng ein idébank

Den nyvalde leiaren i Utdanningsforbundet, Mimi Bjerkestrand, meiner ein burde få på plass ein idébank, der lærarar og førskulelærarar kan hente ut nynorsk materiell.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



IDÉBANK: Den nyvalde leiaren i Utdanningsforbundet, Mimi Bjerkestrand, meiner ein bør gjere nynorsk materiell lettare tilgjengeleg for lærarane. (Foto:Tom-Egil Jensen)

Ei gransking gjort av tekst- og skriveforskar Norunn Askeland ved Høgskolen i Vestfold, viser at det er langt færre nynorskstekstar i dei nye lesebøkene som er laga for ungdomsskulen etter Kunnskapsløftet. I følge Utdanningsnytt er det no berre 15,4 prosent nynorskstekstar i lesebøker for elevar med bokmål som hovudmål, medan prosenten i fellesutgåvene ligg mellom 25 og 33. Samstundes vort det i mange tilfelle etterlyst undervisningsmateriell som lettlestbøker, lyd bøker og nettsider på nynorsk.

– Kva kan ein gjere for å sikre meir nynorsk materiell?

Det er viktig at lærarane er gode pådrivarar og etterlyser materiell og bøker på nynorsk, seier Bjerkestrand. Og læremiddelet er ikkje lenger berre lærebøker.

– Det er viktig at ein tek i bruk ny teknologi i undervisninga, men då er det også viktig at det er dei same språklege krava til dette materialet som til bøkene.

Isamband med dette tek no Bjerkestrand til orde for å etablere ein bank der ein kan samle tips, tilrettelagt informasjon og materiell på nynorsk. Målet må vere at lærarane lettare finn fram til det dei treng, meiner ho.

LØFTE FRAM DET POSITIVE

Bjerkestrand byrja som leiari i Utdanningsforbundet ved nyttår og meiner kunnskap og utdanning aldri har vore så viktig som no. Den nyvalde leiaren lanserer høgare status for læreryrket, mindre fråfall i den vidaregåande skulen, større lærertettleik og betre rekrutteringsstatistikk til læreryrket som viktige satsingsfelt.

– Me må løfte fram det positive med læreryrket, slik at fleire vel å bli lærar for å gjere ein viktig jobb. Me ynskjer at dei

beste realistane blir lærarar, slik at dei kan undervise dei komande realistane.

Og 30 prosent fråfall i den vidaregåande skulen er for mykje. Det må me gjere noko med, slår ho fast.

I eit tidlegare intervju til Vårt Land peikar Bjerkestrand på at samfunnet i følge ein ny rapport frå NTNU kan spare 8,8 milliardar kroner ved å redusere fråfallet frå vidaregåande skular med ein tredjedel. Utdanningsforbundet peikar også på at yrkesfagklassar ikkje bør bestå av meir enn 15 elevar, og at elevar som ikkje får lærepluss, skal få eit toårig, praksisretta tilbod i regi av skulen.

EI OPPGÅVE FOR FORLAGA

Ho slår også eit slag for å styrkje nynorsken. Og det språklege arbeidet startar i barnehagen.

Det er ingen som no er usamde i at heile utdanningløpet startar i barnehagen. Forskulelærarane har eit stort ansvar, sidan det er i barnehagen barna møter språk for første gong, meiner Mimi Bjerkestrand.

– Norunn Askeland og Cecilie Falck-Ytter lanserte i fjor boka Nynorsk på nytt, som skal vere ei idébok for lærarstudentar og lærarar i grunnskulen og den vidaregåande skulen. Kva tenkjer du om slike tiltak?

– Eg kjenner ikkje til den boka, men det høyrer veldig positivt ut. Det er viktig å tenke på korleis ein kan leggje til rette undervisninga. Lærarane treng å finne det lærematerialet dei treng! Her har også forlaga ei oppgåve, slår ho fast.

– Men forlaga meiner jo ofte at det ikkje lanner seg økonomisk å produsere nynorsk materiell?

Dersom forlaga bruker økonomi som eit argument for å ikkje produsere nynorsk læremateriell, bør styresmaktene sjå på korleis dette blir finansiert, slår ho fast.

YNSKJER BEVISSTGJERING

Bjerkestrand legg også vekt på at det er nautsynt med statlege reguleringar for å behalde to skriftspråk.

Dei nasjonale krava er viktige dersom ein skal klare å styrkje nynorsken, slår ho fast.

– Kva tenkjer du om framtida til nynorsken i skulen?

Eg er optimistisk, ikkje minst sidan det er så mange flinke nynorskbrukande lærarar der ute. Og eg trur mange no er opptekne av både språk og identitet. Men ein skal ikkje ta dette for gitt, ein må heile tida krevje materiell på nynorsk og stimulere til ei bevisstgjøring rundt språket, meiner Bjerkestrand.

Finn

Barn frå 20 ulike nasjonar skapar ei ny verd gjennom prosjektet Fargespill. Det er på kulturarenaen integreringa bør starte, meiner musikk og komponist Ole Hamre.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Fargespill starta egentleg som ei framsyning til Festspela i Bergen i 2003. Sidan har prosjektet blitt ein viktig integreringsarena i Bergen kommune, med nye framsyningar og aktorar kvart år. Her opptre unge innvandrarar saman med norske barn og unge. Rundt seg har dei eit profesjonelt apparat. Saman får dei kvart år fram både tårer og smil hos eit stort publikum.

TYDELEGE PARALLELLAR

– Det er så tydeleg at vi høyrer saman musikalsk, seier Hamre.

Han har jobba mykje med folkemusikk, som også er det berande elementet i Fargespill. Han fortel frå tida då Fargespill var på spiringstadiet. Hamre hadde samla unge til eit møte i folkemusikken.

– Ein irakisk gut byrja å syngje arabisk kvartonesong oppå ein norsk folkemelodi. Håra reiste seg på kroppen. Denne opplevinga gjorde at eg såg tydelege parallellar i musikken, held Hamre fram.

Herfrå vaks ideen om Fargespill fram. Med seg på regisida og i utviklinga av spelet har Hamre fått songaren og pedagogen Sissel Sæue og koreograf Hilde Sol Erdal. Det administrative og finansielle tar kommunen seg av gjennom prosjektleiar Kjersti Berge.

ER SEG SJØLVE PÅ SCENA

Flyktningebarna møter ein heilt ny røyndom når dei kjem hit, seier Hamre.

Dei er på mange måtar i dramatiska situasjonar, og dette kan mobilisere noko, trur han. Dei unge som opptre med Fargespill, er heilt og fullt seg sjølve på scena. Det er dette dei er gode på. Som kunstnar er Hamre opptatt av at framtidlinga nettopp må innehalde noko personleg. Samstundes får dei unge aktørane rammer

saman i musikken



INTEGRERINGSARENA: I Fargespill opptre unge innvandrarar saman med norske barn og unge. Rundt seg har dei eit profesjonelt apparat. (Foto: Geir Dilland/Fargespill)

av så profesjonell kvalitet som mogleg rundt seg. Både regissørar, musikkarar, og lyd- og lysfolk er høgt kvalifisert.

Desse rammene tar vare på den profesjonelle kvaliteten. Ein irriterer seg ikkje over at nokon syng surt.



Ole Hamre veks i møte med unge innvandrarar og detra musikalske tradisjonar. (Foto: Ingrid Hillestad)

NY KLASSE KVART ÅR

Ureine tonar kan tvert imot vere vakkert og ha stor formidlingskraft, har Hamre erfart. Det er noko med det sterke og det sårbare som er til stades på ei og same tid. Spelet har inga aldersgrense. Dei fleste er likevel mellom 8 og 20 år, og dei blir rekrutterte gjennom Nygård skule, der folk som er nye i landet og kommunen kjem for å lære norsk og samfunnskunnskap. Kven som blir med derfrå, er tilfeldig. Vanlegvis er det ein ny klasse kvart år som fyller rollene i Fargespill.

MÅ SNU TANKEGANGEN

Musikken og dansen som dei unge har med seg frå heimlanda sine, blir kopla saman og får tonar frå norsk folkemusikk

som raud tråd. Hamre kallar prosessen for ei gåveutveksling.

Kva kan du gi meg, er spørsmålet Hamre og kollegaene hans møter dei nye i spelet med.

– Når vi får gi, kjenner alle seg sterke. Dette er ein føresetnad i menneskelege møte, held han fram.

Musikaren trur det er her det ofte går galt i norsk integreringspolitikk. Vi er for bundne i kategoriar og tanken om at det er vi som skal hjelpe innvandrarane.

– Ideen om at det berre er vi som skal gi, er utruleg arrogant, meiner han.

I staden for å møte innvandrarar med enten medkjensle eller forakt, som vi ofte gjer, bør vi heller opne oss og spørje: Kva kan du hjelpe meg med?, meiner Hamre.

Denne tankegangen er også noko av løyndommen bak suksessen Fargespill.

Dette hindrar ikkje at det blir stilt store krav til utøvarane.

- BRUK KOR OG KORPS

– Eg trur kulturprosjekt har enormt mykje for seg. Kulturen fungerer som møteplass, det veit eg, seier Hamre og oppmodar kommunane om å trekkje flyktningar og innvandrarar med i det som finst av lokale kulturaktivitetar, som kor og korps, eller å la seg inspirere av Fargespill og starte liknande prosjekt andre plassar i landet.

Hamre legg ikkje skjul på at kultur møte er utfordrande og kan vere konflikthytte. Han saknar likevel eit større fokus på potensialet som ligg i desse møte.

– Ein veks i møte med andre. Fargespill er det mest lærerike eg nokon gong har opplevd, sluttar han.

– Må ta heile Noreg i bruk

Regjeringa har no sett ned eit offentlig utval som skal greie ut tiltak for å spreie kompetansesearbeidsplassar og få på plass nye statlege arbeidsplassar i distrikta.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Me må ta heile Noreg i bruk. I Soria Moria II er me samde om at det er viktig med kompetansesearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar over heile landet. Statlege verksemdar kan medverke til dette. Men det er også viktig å bygge opp under sterke kompetansmiljø i

privat sektor gjennom godt samspel mellom private og offentlege aktørar, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete i ei pressemelding.

Ho meiner det er ein fare for at kompetansesearbeidsplassane hopar seg opp i Oslo-området.

– Det blir fleire med høgare utdanning i byregionane. Me ser også at det har vore størst vekst i statlege arbeidsplassar her. Gjer me ikkje noko, vil veksten i arbeidsplassane framover kome i byregionane med store arbeidsmarknader og utdanningsinstitusjonar, særleg i Osloregionen, meiner ho.

Utvalet skal mellom anna fremje tiltak for å sikre at kompetansesearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar blir spreidd over heile landet, vurdere tiltak for å sikre rekruttering til kompetansesearbeidsplassar i distrikta, kartlegge korleis

slike arbeidsplassar blir lokaliserte, og vurdere konsekvensane av tiltaka på arbeidsmarknaden.

– Ved å aktivt leggje til rette for det, kan me få spreidd slike arbeidsplassar betre enn i dag. Både større byområde utanfor Osloregionen, småbyar og mindre sentra må få sin del av ein slik vekst, seier Navarsete.

Det er professor ved Universitetet i Oslo, Karen Helene Ulltveit-Moe, som skal leie utvalet. Med seg får ho tidlegare stortingsrepresentant Åsa Elvik frå Vesterålen, Lillian Hatling ved Distriktsenteret i Steinkjer, forskingsdirektør ved SSB, Torbjørn Hægeland, professor ved NIH, Kjell Gunnar Salvanes, regionalutviklingsdirektør i Hordaland fylkeskommune, Jan Per Styve, og direktør ved Møreforsking, Roar Tobro.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

– Vi har gjort vedtak om å busetje 140 flyktningar frå i år, mot 100 tidlegare år, fortel Kalland.

Høvet til å styrkje det kommunale fagmiljøet gjennom auka overføringar frå

Flyktningar styrkjer fagmiljøet

Volda kommune seier ja til oppmodinga frå staten om å busetje endå fleire flyktningar. Dette gjer både lokalmiljøet rikare og det kommunale fagmiljøet sterkare, meiner ordførar Ragnhild Aarflot Kalland.

staten, var mellom det som fekk kommuneneadmindrasjonen i Volda til å sjå positivt på å auke flyktningskvoten.

SKEPTISK TIL ASYLUTVIDING

Ein annan motivasjon var dei gode erfaringane kommunen allereie har gjort seg når det kjem til busetjing. Både flyktningane og utanlandsstudentane ved Høgskulen i Volda er med på å skape eit internasjonalt miljø i kommunen.

Det å vere fleirkulturell og få impulsar utanfrå gjer lokalsamfunnet rikare, meiner ordføraren.

Kommunen på Nord-Vestlandet rommar også eit eitt år gammalt asylmottak. Her vil UDI utvide, i strid med kommunen si oppmoding.

–Asylmottaket er nytt. Det er framleis i ein innkjøringfase. Difor var vi skeptiske til denne utvidinga. Difor er det viktig at heile lokalsamfunnet er oppe for å ta imot dei, til auka press på det kommunale tenesteapparatet, forklarar Kalland.

TRENG MØTEPLASSAR

Frivillige organisasjonar og lag er alle aktive med å integrere busetjarane i Volda. Røde Kors, sanitetsforeininga, fotballag, songkor og kyrkjelydar bidrar med sitt. Ordføraren ser likevel mange utfordringar med integreringa framover.

– Vi treng fleire og betre møteplassar, kommenterer ho.

På den positive sida trekkjer ho fram ein kommunal folkehelsekoordinator, som mellom anna har starta matkurs og gymnastikkaktivitetar for innvandrankvinner.

FLYKTNINGAR OG Busetjing

Talet på asylsøklarar aukar. Ei prognose viser at det vil komme 18 500 asylsøklarar i 2010. Til samanlikning søkte vel 14 400 personar om asyl i Noreg i 2008.

Staten og kommunane samarbeider om å busetje tidlegare asylsøklarar som har fått opphald, samt såkalla overføringsflyktningar. Sistnemnde er personar som får komme til Noreg etter eit organisert tiltak ved UDI og FN's høgkommisær for flyktningar.

Det er ei målsetjing at busetjing av flyktningar skal skje innan seks månader etter at det er gitt opphaldsløyve. Busetjing er ei frivillig oppgåve for kommunane.

(Kjelde: www.imdi.no)

Vil endre haldningane

NHO og Språkrådet håpar ein eigen språkplakat skal føre til auka bruk av norsk språk i næringslivet.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



SPRÅKRÅD: Direktør Sylfest Lomheim i Språkrådet meiner ein må endre haldningane i næringslivet for å få meir norsk språk. (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)

NORSK NÅR EIN KAN

– Finn Bergesen var opptatt av språk og språkpolitikk. Han skjønte at språket var viktig, ikkje berre i den offentlege sektoren, men også i det private næringslivet, seier direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim, til LNK-avisa om den tidlegare NHO-direktøren.

Språkrådet kan ikkje påleggje det private næringslivet ein bestemt språkpolitikk. Språkplakaten er difor berre basert på råd og rettleiing om språk og språkbruk til verksemdene. Mellom anna slår plakaten fast at norsk er det naturlege språket for norsk næringsliv. Det blir lagt vekt på at norsk er eit meir presist språk enn engelsk, og at norsk er det beste språket å bruke når ein til dømes skal lage reklame eller lyse ut stillingar på den norske marknaden.

Plakaten viser til at ei verksemd på ein internasjonal marknad har behov for fleire språk, og at verksemda bør nytte

til språkplakaten eingong. Det handlar om haldningar, seier Lomheim.

Sylfest Lomheim slår også eit slag for bruk av dei skandinaviske språka i næringslivet.

– Me har som arbeidsmål å følgje dette opp. Det må også vere eit mål å få næringslivet til å skjone at dei kan tene meir pengar på å bruke skandinaviske språk. Engelsk kan dei bruke når dei må, og då på den intelligente måten, slik at dei tener pengar på det, seier han og legg vekt på at dette er eit språk næringslivet forstår.

Næringslivet skal tenkje økonomi, dei skal konsentrere seg om å tene pengar og skape arbeidsplassar, slår Lomheim fast.

Han meiner det viktigaste er å endre haldningane til språk ute i næringslivet, og viser til tidlegare partisekretær i Arbeiderpartiet, Martin Kolberg, sitt mantra: Fagrørsla, fagrørsla, fagrørsla.

– For oss må det då bli haldningar, haldningar og haldningar, slår Lomheim fast.

– Dårlege råd

Reklamebyrå må la vere å gi verksemdar råd om at dei ikkje skal bruke nynorsk i marknadsføringa, meiner direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Lomheim framhevar at nynorsk kan vere eit fortrinn i marknadsføringa.

– Nokre bedrifter har forstått at dei kan tene pengar på å skilje seg litt ut med språket. Det er positivt, seier han og nemner Lerum som eit godt døme på at det går an å satse på nynorsk profil og marknadsføring. Han viser også til at

Lerum møtte skepsis i reklamebyrået sitt då dei ynskte å profilere produkta sine på nynorsk. Reklamebyrået meinte det aldri kom til å gå, og at Sogndals-verksemd kunne risikere at kundane på Austlandet ikkje ville kjøpe produkta deira.

– Det viste seg jo å slå heilt feil. Reklamebyrå burde heller gi gode, kommersielle og økonomiske råd. Nynorskregionar må i alle fall profilere seg på nynorsk og ikkje gi ut brosjyrar på bokmål. Det skjer diverre det også, sukker han.

Direktøren i Språkrådet meiner profilering på nynorsk kan vere ein god måte å skilje seg ut i marknaden på, og til å bygge opp ei sterk merkevare. Aller mest må verksemdene skjone at nynorsk ikkje er eit tapsprosjekt økonomisk, men at dei derimot kan tene pengar på å marknadsføre seg på nynorsk, slår Lomheim fast.

– Viktig å skilje seg ut



STOLT: Frisør Trude Lundeval er stolt over å prøfilere frisørsalongen BalanZera på nynorsk. (Foto: BalanZera)

ein må ikkje vere akkurat som alle andre, meiner ho.

BalanZera skil seg ut på fleire måtar. I tillegg til språket profilerer også frisørsalongen seg som økologisk og basert på reine og naturlege produkt. I dag er det tre tilsette i bedrifta, som er i vekst.

STOLT

Trude Lundeval er bevisst på å bruke nynorsk, både på nettsidene til bedrifta og i marknadsføringa elles. Ho er rett og slett stolt over språket.

– Kva råd har du til dei bedriftene som kvir seg for å bruke nynorsk?

– Bruk det for å skilje deg ut. Eg kan ikkje sjå at det er noko negativt i det heile tatt. Men det er klart det blir meir og meir vanleg med bokmål, så eg forstår at mange til dømes irriterer seg over kravet om nynorskprosenten på tv, slår ho fast.

EKSOTISK

Trude Lundeval starta karrieren sin som frisør alt som 16-åring, men etter nokre år utvikla ho allergi av produkta ho jobba med. Redninga vart å byrje i ein økolo-

gisk frisørsalong i Danmark, og i 2008 flytte ho attende til Noreg og Oslo for å starte opp sin eigen frisørsalong, også denne tufta på økologiske og naturlege produkt.

– Eg utvikla sjølv allergi av alle produkta me brukte, og måtte slutte å jobbe hjå vanlege frisørar. Då kom ideen om å starte opp ein økologisk frisørsalong, fortel ho. Det var starten på BalanZera.

– Nynorsk og økologisk. Trur du det kan framstå som litt eksotisk?

– Det er litt morosamt og ikkje minst viktig å bruke språket for å skilje seg litt ut, fortel frisøren, som opphavleg kjem frå Vest-Telemark. På klingande telemarksdialekt fortel Trude Lundeval om korleis det er å drive ein frisørsalong midt i Oslo – som vert marknadsført på nynorsk.

– Eg har berre fått positive reaksjonar, og for meg var det heilt naturleg å bruke nynorsk. Det handlar om å vere seg sjølv;

For Trude Lundeval er det heilt naturleg å marknadsføre frisørsalongen BalanZera på nynorsk. Trass i at den ligg midt i Oslo.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

VEGEN VIDARE

fjordvegen.no

FJORDVEGEN – DIKTARVEGEN

diktarvegen.no

KONFERANSE I BALESTRAND 8. OG 9. APRIL 2010

Fjordvegen er samferdsleåra som går frå Jæren gjennom Ryfylke, Hardanger, Sogn og Fjordane og til Sunnfjord.

IS Fjordvegen og prosjektet **Diktarvegen** ynskjer å etablere Fjordvegen som ein spennande møteplass der ulike grupper kan møtast "på tvers" for å setja fokus på utvikling av kommunikasjonar, kultur, nærings- og reiseliv.

Med tanke på å styrkja denne arenaen blir det halde ein konferanse i Balestrand 8. og 9. april der me stiller spørsmålet:

Korleis styrkjer me samhandlinga mellom regionane?

Påmelding til seminar@diktarvegen.no, faks 52790481, eller telefon 52790480

Frist for påmelding: **1. mars**

MEIR INFORMASJON OG FULLT PROGRAM:

diktarvegen.no

Innleiarane kjem frå kultur- og næringsliv, frå offentleg og privat sektor, frå utdanningsinstitusjonar og politikken:

Nils R. Sandal, fylkesordførar i Sogn og Fjordane / Frode Grytten, forfattar / Harald H. Løland, prosjektleiar IS Fjordvegen / Magnhild Melveit Kleppa, samferdsleminister / Karl W. Strandvik, Noregs Lastebileierforbund avd. Agder og Rogaland / Kristian B. Jørgensen, adm dir i Fjord Norge / Jan Skjerdal, medlem av styret i Balejazz og dagleg leiar i Natjazz i Bergen / Arvid Andenaes, adm dir Sparebanken Sogn og Fjordane / Karin Helen Halle, direktør NHO Sogn og Fjordane / Olav Ellevsæ, vgsjef Region Vest / Magne Audun Kloster (KrF), medlem av samferdsleutvalet i Rogaland / Einar Lutro (H), nestleiar av samferdsleutvalet i Hordaland / Magnus Skretting, adm dir Marine Harvest Cold Water Marine Species / Einar Schibevaag, samfunnsplanleggjar / Randi Bårtevd, direktør Norsk Vasskraft og Industristadmuseum / Per Arne Fiskekjøn, dagleg leiar i Suldal Billag / Ingrid Kløve-Graue, disponent i avisa Hordaland / Anne Grethe Bakke, dagleg leiar ved Destinasjon Voss / Kristian B. Jørgensen, adm dir i Fjord Norge / Janne Johnsen, gruppeleiar for Høgre i Rogaland fylkeskommune / Jan Per Styve, Strategi- og næringsdirektør i Hordaland fylkeskommune / Randi Bårtevd, direktør Norsk Vasskraft og Industristadmuseum / Johannes Stensgaard, borgarmeister i Viborg kommune i Danmark til 2010 / Arne Osland, utviklingsdirektør ved United World College i Fjaler / Marit Eikemo, leiar, litteratursymposiet i Odda / Siv Elise Seland, dagleg leiar i iS of Norway / Bjørn Andresen, prosjektleiar Nasjonale turistveggar / Finn Tølvam, journalist / Olav Nilssen, forfattar / Inger Bråtevit, forfattar / Frank H. Aarebrot, professor ved Institutt for sammenliknende politikk / Magne Rommetveit (Ap), medlem av stortinget sin samferdslekommité med ansvar for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane / Arve Helle, ordførar i Fjaler / Helene Barkved, Marine Harvest / Sverre Egil Finden, marknadsdirektør Vik Ørsta AS / Ola O. Ingvaldstad, gruppeleiar Frp Rogaland / Jan Øhickers, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane

Arrangør: Diktarvegen, IS Fjordvegen, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK), Nasjonalt Garborgsenter, Lølandstiftinga, Haugestiftinga, Jakob Sande-selskapet og Sivilogaget

Støttespelarar: Kommunal- og regionaldepartementet; KLP Kommunekreditt AS; avisene Firda, Sogn Avis, Hordaland, Hardanger Folketidning og Strandbuene; og bankane Fjaler Sparebank, Sparebanken Sogn og Fjordane, Voss Sparebank, Sparebank i Hardanger, Sandnes Sparebank, Sparebanken Vest og Vik Sparebank



KVIKNES HOTEL

– Heilt naturleg

Lerum, som held til i saftbygda Sogndal, har ein solid nynorsk profil. Administrerande direktør Trine Lerum Hjelhaug meiner det ville vere unaturleg å marknadsføre seg på bokmål.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Kva er grunnen til at di bedrift vel å profilere seg på nynorsk?

– Me meiner at det er det einaste som er naturleg for oss. Me snakkar nynorsk, me skriv nynorsk, og me er frå Sogn. Difor ville det vere unaturleg å marknadsføre oss på bokmål. Dessutan er nynorsk eit flott språk, med mange flotte ord som kan brukast i marknadsføring.

– Kva attendemeldingar har de fått på språket?

– Stort sett har me berre fått positive attendemeldingar på at me bruker nynorsk, sjølv om det vart uttrykt mykje skepsis både internt og eksternt når me tok avgjerda.



NATURLEG: For Trine Lerum Hjelhaug, adm.dir i Lerum, er det heilt naturleg å nytte nynorsk i marknadsføringa. (Foto: Lerum)

– Kva trur de er grunnen til at mange bedrifter vegrar seg mot å profilere seg på nynorsk?

– Nynorsk har vore framstilt i nokre fora som eit hata språk, spesielt i Oslo-området, der det har vore skepsis til faget i skulen. Dette gjer nok sitt til at mange bedrifter trur det er ei ulempe å marknadsføre seg på nynorsk. Me fekk òg høyre at det var mange som ikkje kom til å kjøpa produkta våre, sidan dei hadde stor motvilje mot nynorsk. Dette har ikkje slege til; dei fleste seier det gir ei tryggleikskjensle å vite at me toer å skrive det språket som er identiteten vår.

– Kan nynorsk vere ein god måte å skilje seg ut på marknaden?

– Nynorsk har for oss vore ein måte å gjere oss betre kjent hjå kundane våre. No veit nær sagt alle at me er frå Sogn, der me har gode vilkår for frukt- og bærdryrking. Me bruker nynorsk til alt, akkurat slik Kari og Nils Lerum gjorde då dei starta opp Lerum for meir enn 100 år sidan. For oss har det ikkje vore negativt.

- Engelsk mindre viktig

Ei kartlegging gjennomført av Språkrådet vintren 2009 viser at 72 prosent av bedriftsleiarane meinte engelsk ikkje var viktig for å fremje effektiviteten i bedrifta.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bedriftsleiarane vart spurde om kva dei meinte om forholdet mellom språk og effektivitet og om bruken av engelsk og norsk i reklame og marknadsføring. Heile 76 prosent meinte at eit godt språk truleg auka effektiviteten i verksemda. Berre 19 prosent meinte engelsk var viktig i reklame og marknadsføring.

Dette endrar seg noko når ein ser på verksemda sin kommunikasjon med omverda. 26 prosent av dei spurde meinte det var viktig med engelsk på bedrifta si heimeside, medan ein tredjedel meinte engelsk var viktig i brev og e-postar til kundar og leverandørar. 42 prosent meinte at munnleg engelsk var viktig i møte med kundar. Heile 76 prosent av bedriftsleiarane meinte at alle verksemdar burde ha ein språkpolitikk som fremja godt språk, og 60 prosent meinte ein ikkje burde lyse ut stillingar på engelsk mot den norske marknaden.

Nettsider på bokmål

NSB slår fast i sine vedtekter at dei skal oppfylle målbrukslova så godt det lèt seg gjere. Likevel har dei nettsider berre på bokmål.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Informasjonssjef Preben Colstrup legg vekt på at NSB skal fylgje målbrukslova når det gjeld informasjonsretta materiell.

- Målbrukslova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer. Det inneber mellom anna at målforma som er vedteken i ein kommune eller fylkeskommune, skal nyttast til dømes ved skilting, i informasjonsmateriell og i informasjonsannonser, uttalte dåverande samferdsleminister, Liv Signe Navarsete, då språkreglane for statlege aksjeselskap vart skjerpa i 2007.

IKKJE PÅBOD

– Me har ikkje noko påbod om å bruke nynorsk til dømes på nettsidene våre, men me har jo heller ikkje eit forbod, seier Colstrup.

– *Meiner de nettsider berre på bokmål er eit godt nok tilbod til kundane?*



MÅLBRUKSLOVA: Informasjonssjef i NSB, Preben Colstrup meiner selskapet praktiserer målbrukslova på ein god nok måte. Sjølv om bedrifta ikkje har nettsider på nynorsk. (Foto: NSB).

– Det må kundane sjølve vurdere, meiner Preben Colstrup.

I haust gav NSB attendemelding til Samferdsledepartementet om praktiseringa deira av mållova i NSB Personotog. Colstrup legg vekt på at NSB praktiserer målbrukslova på strekningar der det er aktuelt. Til dømes vert det brukt nynorsk rutetabell på strekninga Bergen–Voss, og

ein utfører merking og informasjon som til dømes plakatar på nynorsk i område der mange er nynorskbrukande. Colstrup viser også til at NSB har eit mål om å utforme annonsetekstar på nynorsk dersom dei skal inn i aviser der nynorsk er hovudmål.

– Det er denne måten me har valt å oppfylle målbrukslova på.

– *Er det planar om å bruke meir nynorsk i framtida?*

– Nei, som sagt er dette den måten me bruker nynorsk på no. Det er dette me har rapportert inn til departementet. Me har ikkje planar om å utvide bruken av nynorsk, seier Preben Colstrup.


GJENNOMGANG

Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa legg no vekt at departementet vil gå gjennom rapporten NSB har sendt inn for å sjå om det er behov for ytterlegare krav til målbruken.

– Me vil ha ein gjennomgang av dette no, så håpar me det blir ei oppfylgjing tidleg i vår, seier ho.

Kva tenker du om at NSB berre har nettsider på bokmål?

– Det er manglande respekt for nynorskbrukarane som også bruker NSB. Men som sagt, dette er vurderingar me vil kome attende til seinare.



“Ein peng spard er ein peng vunnen”

Ordtak av Ivar Aasen

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisera kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansierer lokale løysingar - den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01
www.kommunalbanken.no

Få nynorskstudentar i Oslo

På Universitetet i Oslo er det berre om lag 2,5 prosent av studentane som melder at dei ynskjer nynorsk som hovudmål. Studiedirektør Monica Bakken meiner likevel det ikkje er naudsynt med rekrutteringstiltak.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

I fjor haust skreiv studentavisa ved Universitetet i Oslo, Universitas, at berre 2 prosent av masteroppgåvene vart leverte på nynorsk. Direktør i Språkrådet, Sylfest Lomheim, meinte då at det måtte vere vanskeleg å halde på nynorsken som student ved universitetet. Til samanlikning er det om lag 7 prosent av masterstudentane ved Universitetet i Bergen som leverer oppgåve på nynorsk.

– Oslo burde vere ein like tilgjengeleg studiestad anten du er frå Røa eller Røros, sjølv om lite tyder på at det er slik i dag. Tala indikerer heller at mange kan kjenne seg uvelkomne på universitetet i hovudstaden på grunn av språket sitt. Det er i så fall ein pinleg situasjon å vere i i 2010, skreiv journalist i Universitas, Marianne Granheim Trøyfloyt, i ein kommentar i studentavisa tidlegare i år.

Studiedirektør ved Universitetet i Oslo, Monica Bakken, meiner det ikkje er uvilje mot nynorsk ved studiestaden.

- Det er ein relativt liten del av studentane våre som ynskjer nynorsk som hovudmål, gjennomsnittleg er det om lag 2,5 prosent kvart år. Me får heller ikkje mange klager på at studentar ikkje har fått eksamensoppgåver på nynorsk, det er berre snakk om nokre enkeltsaker, seier ho til LNK-avisa.

– *Det blir også peika på at det er lite nynorsk på pensumlistene?*

– Ja, det vil eg tru har noko å gjere med at ein arbeider for å oppnå fagleg kvalitet i alle ledd av utdanninga. Når ein vel ut litteratur til pensumlistene, baserer ein valet på relevans i høve emne og eit godt fagleg nivå. Språket er mindre viktig, meiner Bakken.



IKKJE OVERRASKA: Mange studentar tek kontakt med Studentmållaget i Oslo på grunn av at dei ikkje får eksamensoppgåvene sine på nynorsk, seier nestleiar i studentmållaget, Trine Østereng. (Foto: Privat)

– Og eg opplever det vel slik at det ikkje er så veldig mykje pensum tilgjengeleg på nynorsk, seier ho.

FÆRRE EPISODAR

Bakken har ikkje noka forklaring på kvifor det er så få nynorskbrukande studentar ved Universitetet i Oslo.

– Det er eit godt spørsmål. Dette er eit nasjonalt universitet, noko som skulle tilseie at me også fekk studentar frå område der ein nyttar nynorsk. Men det er klart det er eit utprega bokmålmiljø.

– *Kva tenker du om at fleire studentar opplever at dei ikkje får eksamensoppgåvene sine på nynorsk?*

– Slike situasjonar er uheldige og ikkje noko me ynskjer. Men eg meiner det er færre av desse episodane no enn for nokre år sidan.

Universitetet i Oslo er underlagt mållova og skal ha minst 25 prosent nynorsk. Bakken er klar på at universitetet ikkje klarer å oppfylle det kravet.

- Det er synd me ikkje klarer det. Det handlar til dels om for lite ressursar og manglande kompetanse.

Monica Bakken meiner eigne rekrutteringstiltak ikkje er det rette for å auke prosenten av nynorskbrukande studentar.

– Det meiner eg er litt på sida. Studentane må derimot møte nynorsken i det daglege, slik at det blir naturleg å velje.

MANGE KLAGER

Nestleiar i Studentmållaget i Oslo, Trine Østereng, er ikkje overraska over at det er lite nynorsk på Universitetet i Oslo.

– Eg trur det handlar mykje om at ein ser lite nynorsk innan akademia. Når det er andre grupper ein har hatt lite av på pensumlistene, som til dømes kvinner, har integressegrupper sett i gang eit målretta arbeid for å auke prosenten. Det har ført til at me har fleire kvinnelige forfattarar på pensum i dag enn for tju år sidan.

Studentmållaget i Oslo ynskjer mellom anna at ein får fleire innføringsbøker på nynorsk.

Østereng seier at fleire studentar kontaktar Studentmållaget kvart semester fordi dei ikkje har fått innfridd nynorskrettene sine. Til dømes reagerer mange på at dei ikkje får eksamensoppgåvene på nynorsk, sjølv om dei har krav på det.

– Eg trur mange av studentane i Oslo rett og slett ikkje veit kva rettar dei har, seier Trine Østereng og viser til at Studentmållaget alltid arbeider opp mot eksamen, nettopp for at studentane skal få den informasjonen dei treng om kva som er rettene deira.

Østereng er sjølv student på 5. året ved Universitetet i Oslo og har sjølv opplevd vanskar med å ha nynorsk som sitt hovudmål. No studerer ho til mastergrad i statsvitskap.

– Første året eg studerte, vart eg rådd til å ikkje ta eksamen på nynorsk, sidan det ville medføre så mykje ekstraarbeid. Det klaga eg på. Seinare har eg også fått eksamensoppgåver som er skrivne på ein så dårleg nynorsk at eg har problem med å forstå dei. Ofte har heller ikkje eksamensvaktene fått opplæring i at dei skal gi ut eksamensoppgåver på nynorsk. Det er veldig lite som er endra på desse åra eg har studert her. Som regel får ein høflege svar med lovnad om at dette skal endrast, når ein klagar.

Kritisk til nynorskopplæring

Professor Torill Steinfeld meiner lektorutdanninga ved Universitetet i Oslo stiller for dårlege krav til nynorsk kompetanse, skriv studentavisa Universitas.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Me har ingen oversikt over kor gode studentane våre er i nynorsk i det dei

går ut som lektorar, seier professor i norskdidaktikk ved Universitetet i Oslo, Torill Steinfeld, til Universitas.

Ho etterlyser meir opplæring og øving for studentane, samt meir prøving på ulike nivå i studiet. Blant anna ynskjer Steinfeld fleire obligatoriske innleveringar i nynorsk, og ho fryktar ikkje at studentar skal bli skremde vekk frå yrket som lærarar. Kravet til studentane i dag er ein eksamen med eit tipoengssystem der dei må skrive noko nynorsk, skriv Universitas.

– Ein kan spørje seg om me sviktar studentane på dette punktet. Som

norskklærarar skal dei meistre begge målformene, slik at dei kan tilsetjast i heile landet, seier Steinfeld.

Student Mari Bjørnsdotter Vinjar er samd i at ein treng ei betre nynorskundervisning.

– Når læraren sjølv har problem med nynorsken, blir det ikkje lett for elevane. Skulen treng fleire norskklærarar, og dette må utdanninga leggje betre til rette for. Jo stødigare ein er i nynorsken, jo betre kan ein undervise på ein måte som er positiv og engasjerande for elevane, seier ho til Universitas.



Ingvill Dahl
Avdelingsleiar på
Distriktsenteret

PÅ KOMMUNEVIS

Statlege arbeidsplassar i kommunane.

Kommunane i Distrikts-Noreg er gjerne vertskap for fleire statlege arbeidsplassar, men staten må vere open og varsle oss når dei planlegg arbeidsplassar utafor dei større byane.

Dette er budskapet frå varaordfører Anne Grete Normann i Lenvik kommune i Troms. Ho kontakta meg nyleg med spørsmål om korleis kommunar i Distrikts-Noreg kan få vite kva planar staten har. Ho vil og vite korleis Lenvik og andre kommunar kan leggje til rette for etablering av nye statlege arbeidsplassar i eigen kommune eller region.

Normann er ikkje aleine om å stille desse spørsmåla. Under Nordlandskonferansen i Bodø 20.–21. januar møtte eg fleire ordførarar og rådmenn som tok opp det same. Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete varsla i sitt innlegg under konferansen at eit statleg utval no har fått i oppdrag å komme med konkrete forslag som skal sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar vert spreidde over heile landet. Regjeringa varsla i Sorio Moria II at det ikkje er aktuell politikk å flytte eksisterande statleg verksemd ut av Oslo, men at vekst i ny statleg verksemd skal skje utanfor.

Ei satsing som kan vere naturleg å nemne i denne samanhengen, er Breibandfylket Troms. Ei storstilt utbygging av breiband i heile fylket har mellom anna ført til at alle Tromskommunane no kan tilby seg å vere vertskap for statleg verksemd fordi den nødvendige tekniske infrastrukturen er på plass. Dyrøy kommune har i tillegg starta opp eit pilotprosjekt om stadiauhengig arbeidsplassar, der slagordet er at det går an å ta jobben med seg på flytlasset. Med gode rutinar for informasjonsdeling og solid teknisk infrastruktur, kan ei verksemd ha tilsette i fleire kommunar eller fylke. Dette gjeld òg for staten, og her har det statlege utvalet allereie eit tiltak dei kan ta med seg til nærmare vurdering. I tillegg må dei sjå på innspelet frå Lenvik og gi varaordføraren svar på korleis interesserte kommunar får informasjon om etableringar som skal skje.

Distriktsenteret er eit nasjonalt, statleg drive kompetansesenter for distriktsutvikling. Vi skal bygge og dele kunnskap til beste for utviklinga av attraktive lokalsamfunn. Vår hovudoppgåve er å vere støttespelar for kommunar i deira utviklingsarbeid og sørgje for kunnskap om kommunalt utviklingsarbeid i brei forstand. Kva gjer ein kommune attraktiv å bu eller etablere arbeidsplassar i, er eit av spørsmåla vi skal bidra med svar til.

Heidra profil

Han skriv ikkje for å tekkast publikum. Einar Økland (70) meiner kunsten skal stå på egne bein.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det er jo ein skrekkeleg ting. Eg er debutant i dette, eg har aldri vore med på det før, seier Økland om det å bli 70.

Me er innvilga intervju dagen før han reiser til Oslo. Dagen før Samlaget arrangerer bursdagsfeiring med boklanseringar og ei gjesteliste fullspekka med kjende namn. Einar Økland er ein travel mann for tida. Først er det feiring i Oslo, så er det ferietur til Madeira.

– Du veit, eg dreg aldri på ferie. Men det skal me altså nå, ler han.

– Men først er det feiring?

– Det er Samlaget sin idé dette, eg feirar aldri meg sjølv. Eg vil heller krype under teppet. Men det er nå stas også, eg beklagar det ikkje, seier han med ettertanke.

– Samlaget gir også ut ei ny novellesamling av deg, Forteljingar og fablar frå andre tider, og 1968-boka, Vandreduene, kjem i ny utgåve. I tillegg lanserer dei boka Skriftefest. Einar Økland 70?

– Ja, men det er andre som har ynskt dette. Hadde det vore opp til meg, hadde eg ikkje kome med ny bok i år. Eg jobbar jo med noko heile tida, men no skal eg først og fremst overleve desse feiringane.

Einar Økland debuterte i 1963 som lyrikar. I ettertid har det blitt ei rekke utgjevingar med både dikt, essays, artiklar og romanar. Etter snart 50 år som forfattar har han gjort seg nokre erfaringar.

– Eg skal snakke om det i helga, på Litteraturhuset. Kva erfaringar litteraturen har gitt meg.

– Kva vil du snakke om då?

– Eg veit ikkje heilt. Eg må sjå det litt an. Dersom det sit 16 eldre koner der i kåpene sine, får eg prøve å få til ein fellesskap med dei. Det same viss det sit 24 forfattarkolleger der. Kjem det berre nokre få, er det mykje betre om me går ein tur på kafé og drikk ein kopp kaffi.

– Du er ein spontan talar?

– Ja, og eg har lett for å snakke samanhengande i tre kvarter. Det står ikkje på det. Men å lese opp frå eit ferdig manus er kjedeleg. Det skal vere noko inkluderande og privat over det. Dei som sit i salen, er jo kome for å høyre på meg, det er ei samværsform.

– Men, kva erfaringar har du gjort deg?

– Å det er så mange. Det kan vere erfaringar med deg sjølv, forlagsverda, publikum, sjangrar eller

media. Men eg kjem til å snakke om forfengelegskap. Det handlar om kva ein forfattar vil bli kjent for, kva ein meiner er skammeleg.

– Fryktar du forfengelegskapen?

– Nei, eg likar deler av den. Eg likar til dømes å halde avtaler. Eg vil gjerne framstå som sannferdig i det eg skriv. Men forfattarar som peikar på seg sjølv heile tida og vil vise seg fram, er fjernt for meg. Eg vil heller bli oppdaga av ein tilfeldig lesar enn å bli tatt i mot av dei som er opptekne av kva som er kjent her og nå. Eg skal leve lenger enn det, slår han fast.

Det er hausten 1965. Ei gruppe unge forfatarar stormar inn i redaksjonslokala til tidskriftet Profil og forlanger å ta over redaktøransvaret. Dei skal gjere magasinet betre, slår dei fast. Blant desse er mellom andre Dag Solstad, Paal-Helge Haugen, Tor Obrestad og Jan Erik Vold. Einar Økland var også ein del av den nye redaksjonen, men han var ikkje sjølv med på å møte opp i redaksjonslokala. På den tida arbeidde han nemleg som psykolog ved Ronvik psykiatriske sjukehus i Nordland. Seinare er historia om Profil-generasjonen blitt ein klassikar.

– Det var modig gjort?

– Jo, det var nok det. Det er noko ein berre kan gjere når ein ikkje har noko å tape. Me arbeidde gratis, det var ikkje noko ærefullt den gongen. Seinare la forfattarane meir merke til kvarandre, me lét oss oppmuntre av kvarandre. Styrken vår var at me var så ulike, og det trudde ikkje publikum. Dei trudde me var ein flokk einsarta forfatarar.

– Kva var målet?

– Det kan eg seie no. Det var å skaffe oss arbeid. Me ville berre få fred og kunne skrive. Og dei fleste av oss har jo blitt forfattarar på heiltid. Det er ingen som har ynskt å bli avisredaktørar eller ministrar, sjølv om mange kunne blitt det. Kjartan Fløgstad kunne lett vore debattredaktør i Aftenposten, og Jan Erik Vold kunne vore kulturredaktør i Dagbladet. Men me hadde ikkje sosiale ambisjonar. Me ville berre vere sjølvstendige kunstnarar.

I dag har ikkje gjengen frå Profil-redaksjonen jamn kontakt. Det er ikkje slik at dei besøker kvarandre eller går på kafé.

– Men me treffest i jobbsamheng. Me veit kva dei andre tenker, og me får med oss kva dei andre gjer.

– Kvifor eg vart forfattar? Ja, sei det. Hm. Eg trur du kan skildre det som ei nødhamn. Eg dugde vel ikkje til noko anna. Det var ein måte å flykte vekk på. Men ein blir ikkje forfattar berre med å stikke av. Ein må vilje ta vare på ein tone, på eit språk.



(Foto: Vegar Valde / Bergens Tidende)

Nynorsken skal vere upåfallande, tilforlateleg og brukeleg på alle område.

Einar Økland kunne like gjerne blitt bonde. Han er oppvaksen som ein barn på ein gard i Valevåg. 14 år gamal flytta han vekk, og i mange år var han eit bymenneske, busett i Oslo og på Stord. Men så kom odelsguten heim igjen. I dag bur han heime på garden.

– Eg er ikkje bonde. Men eg ryddar skogen og slår ekrene, slik at det ikkje gror igjen. Det er meir enn mange bønder klarer å gjere i dag. Dei slår jo berre det dei kjem til med traktor.

Sjølv køyrer han verken traktor eller bil.

– Det er nesten imponerende?

– Ja, eg håpar det. Eg har aldri drive sport, aldri køyrt bil, og aldri skilt meg, seier han med latter i stemma.

– Eg ville vald å bli forfattar i dag også. Men då ville eg gått direkte på sak, eg ville ikkje gjort så mykje rart før eg vart forfattar 23 år gamal.

– Du er jo utdanna psykolog. Kva har det å seie for litteraturen din?

– Det er vanskeleg å vite. Eg skriv ikkje psykologiske romanar, psykologane er betre på dette enn forfattarane. Forfattarane har lite nytt og fagleg å kome med.

– Korleis har du utvikla deg som forfattar?

– Det var først i 1967-68 eg skjønnte at eg ikkje var viktig. At eg kunne skrive om tema som ikkje var personlege, og likevel gjere det personleg. Eg lærte å bli personleg gjennom det upersonlege, kan ein seie.

– Det er samtida og miljøet mitt som har forma språket mitt. I tillegg skjønnte eg at eg ikkje beherska dei store formene, at eg heller ville skrive små dikt, noveller og prosatekstar. Det var eit hopp i utviklinga.

Einar Økland er også ein nynorskmann.

– Eg er på nynorskens parti – mest så ved å vere orientert mot bruken. Nynorsken skal vere upåfallande, tilforlateleg og brukeleg på alle område. Nynorsken er ennå i utvikling. Korleis nynorsken blir i framtida, er eit ope spørsmål og ikkje noko eg uroer mykje for, seier han.

– Til dei som nyttar høgnorsk, seier eg alltid at eg skriv på lågnorsk. Dei fleste som skriv effektivt, operativt nynorsk, skriv lågnorsk. I fall nynorsken har ei framtid, er det som lågnorsk – eit mål som spring ut or dagleg-talen i samtida, og som er sterkt nok til å absorbere og inkludere både engelske ord og bokmålsord og likevel halde fram med å vere nynorsk.

I dag er han forfattar på heiltid. I tillegg er han ein evig student, kokk, fiskar, husmor og lesar, og iblant snekker, mular og vedhoggar. Ei stund var han også litteraturanmeldar og forlagskonsulent i Samlaget.

– Det var kjekt å finne nye talent. Vite at her er det noko, her må forlaget kjenne si besøkstid. Men eg sa tidleg frå om at eg ville ikkje vere den som sat og refuserte. Eg ville berre ha tekstar dei var usikre på om det var noko i.

– Men det var lærerikt. Ein ser kva ein sjølv skal halde seg vekke frå. Anten fordi det er for dumt, eller for at andre gjer det betre.

Økland er ein av dei som skriv best om morgonen. Det aller meste vert produsert før lunsj.

– Eg er eit morgonmenneske. Når eg har fått dei andre ut av huset, set eg på musikk og byrjar å skrive. På ettermiddagen gjer eg andre ting, som å lage mat og betale rekningar.

– Kva blir du inspirert av?

– Det er ikkje godt å vite kor dikta kjem frå, ofte fører det eine til det andre. Men eg er opptatt av grafiske former. Eg kan godt sjå for meg ein tekst som stjerneforma eller som ein graf i eit diagram.

Økland vil ikkje skrive litteratur for å tekkast media eller publikum. Kunsten må nemleg ha ein eigen verdi.

– Ein må bruke kunsten til noko ein ikkje kan bruke journalistikken til. Det er ingen som arbeider på eit krisesenter, som vil råde ei kvinne til å skrive ein roman om korleis mannen mishandla henne, det er berre tull. Det er slikt me har journalistikken til. Eg kan godt meine at kvinnene burde hatt stemmerett i Misjonssambandet, men eg treng ikkje å skrive om det.

– Dersom eg ser noko skeivt eller feilaktig i samfunnet, vil eg heller gjere det til ei velferdssak. Det finst uansett uendeleg mange motiv; det sentrale er korleis ein behandlar det, og korleis ein behandlar språket.

Det er blitt måndag. Feiringa er over. Einar Økland har lova oss å sende ein e-post om korleis det gjekk. Korleis det var å bli heidra som 70-åring.

– Alt gjekk bra, og betre enn frykta og fortent. Stort og vennleg publikum. Blid arrangør. Og som min dag var min styrke, oppsummerer jubilanten.

SJØLVMELDING

Namn: Einar Økland

Alder: 70

Bur: Valevåg i Sunnhordland

Aktuell: Vart nyleg heidra på 70-årsdagen med blant anna fleire boklanseringar. Kjartan

Fløgstad, Sverre Tusvik og Jorunn Veiteberg har redigert festskriftet Skriftefest.

Les: Det meste.

Høyrrer på: Jazz. Klassisk. Moderne.

Førebilete: Hans E. Kinck og Pablo Picasso

Språklege skilnader

– Dei språklege skilnadene aukar i Noreg, og det er bra, sa direktør Ottar Grepstad i Ivar Aasen-tunet då han nyleg lanserte Språkfakta 2010.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



SPRÅKFAKTA 2010: Språkfakta 2010 er publisert som gratis e-bok på www.aasentunet.no. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

frå fleire religionar bør finnast på både nynorsk og bokmål. – For hundre år sidan var det viktig å få Bibelen på nynorsk. No er det viktig at også Koranen blir omsett til nynorsk, seier direktøren i Ivar Aasen-tunet.
Ifylgje kartleggingar er minst 550 000 nordmenn nynorskbrukarar. Blant desse nynorskbrukarane er truleg fire av ti reelt tospråklege ved at dei bruker nynorsk og bokmål om lag like mykje. Bruken av nynorsk minkar noko i skulen, men er stabil i kyrkja og NRK, heiter det i pressemeldinga frå Aasen-tunet.

SPRÅKLEG EINSRETTING

Kartlegginga viser også at bøker på nynorsk utgjer 6 % av alle utgivingar frå norske forlag, noko som også var situasjonen tidleg på 1900-talet. Bokklubben Nye Bøker er den største bokklubben for samtidslitteratur. Frå 1976 til 2009 har klubben presentert over 500 hovudbøker. 4 % av desse har

vore på nynorsk. Derimot har 22 % av alle Brage-prisane gått til nynorskforfattarar. Ottar Grepstad la også vekt på at pressa bruker meir nynorsk enn før.
– Aviser redigerte på nynorsk og begge målformer har auka sin del av det samla avisopplaget det siste tiåret, seier Grepstad.
– Dei fleste nynorskavisene er lokale fagdagsaviser, og desse står førebels sterkt i konkurransen med netmedia.
Når det gjeld universitet og høgskule, meiner direktøren i Ivar Aasen-tunet at situasjonen er ein annan. Berre 3 % av studentane skriv masteroppgåvene sine på nynorsk. Då desse studentane gjekk i grunnskulen, hadde 17 % av elevane nynorsk.
– Med høgare utdanning aukar den språklege toleransen, men også den språklege einsrettinga, seier Grepstad, som ikkje trur interessa for å bruke norsk er så mykje mindre i næringslivet enn ved universitet og høgskular.

Denne kartlegginga er den mest omfattande dokumentasjonen av språk i Noreg som nokon gong har vore laga.
– Innbyggjarane kjem frå over 200 land, og skulane har det siste tiåret undervist i over 180 ulike språk, sa Grepstad.
– Engelsk pressar mot bokmål i næringsliv og underhaldning, og bokmål pressar mot nynorsk på dei fleste områda. Bruken av nynorsk er likevel ganske stabil, og der bruken av engelsk aukar, går det meir ut over bokmål enn nynorsk, sa direktøren i Ivar Aasen-tunet.

KORANEN PÅ NYNORSK

Språkfakta 2010 er publisert som gratis e-bok på www.aasentunet.no. Kartlegginga seier også noko om det språklege mangfaldet.
– Den språkdelte norske kulturen blir akseptert av jamt fleire. Tida for ideen om det eittspråklege Noreg er ute, seier Grepstad. For å fremje språkleg og kulturell integrering meiner han grunntekstar

ABC Startside
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett
www.startside.no

Møteplassen i Oslo

Skal du til Oslo, treff du kjentfolk på Bondeheimen og Kaffistova. Alle tilsette i LNK-kommunane (privat- og tenestereiser) bur på eigne, gode prisar heile året.

**Enkeltrom 970,-
Dobbelrom 1110,-**

*Gratis breiband, nyoppussa, bog komfort og standard, norsk tradisjonsmat og uformell atmosfære for alt slags folk!
Nær Karl Johan og regjeringskvartalet og alt Oslo bar å by på!*

Best Western
Hotell Bondeheimen & Kaffistova

Rosenkrantz' gate 8, 0159 Oslo ~ Tlf: +47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com ~ www.bondeheimen.com

Skal auke lesedugleiken

– Målet er å få ein nasjonal heilskapleg lesepolitikk for å styrkje lesekompetansen, seier statssekretær Lubna Jaffery Fjell (Ap) i Kulturdepartementet om Leseåret 2010.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no



LESEPOLITIKK: Leseåret 2010 skal styrkje lesekompetansen, seier statssekretær Lubna Jaffery Fjell (Ap). (Kulturdepartementet).

– Me ynskjer å styrkje demokratiet ved å gi befolkninga auka lesedugleik, noko som igjen gir fleire høve til å delta i samfunnet. For å delta i det offentlege rommet og

nytte seg av dei demokratiske rettene er det viktig å klare å ta til seg kunnskap og informasjon, både gjennom skjønn- og faglitteratur, aviser og på nett. I dag har ein av fire vaksne for dårleg lesedugleik i forhold til dei krava som gjeld både i kvardagen og på jobb, seier Jaffery Fjell og peikar på at lesedugleiken er dårlegare i visse grupper.
– Blant anna er det fleire som les dårleg blant arbeidssøkarar, enn blant dei som er i arbeid. I tillegg slit til dømes mange innsette i fengsel med lesinga, mange av dei som les dårleg, er også innvandrarar.
– Korleis skal ein organisere dette?
– ABM-utvikling har i statsbudsjettet for 2010 fått ansvar for å forvalte 6 millionar kroner til planlegging og gjennomføring av eit leseår i 2010, seier Jaffery Fjell.

I førre LNK-avisa kom det fram at departementet ikkje hadde bestemt seg for kven som skulle ha ansvaret for prosjektet, men dette er no avklara.
– ABM-utvikling vil ha ein koordinerende funksjon for satsinga og vere ansvarleg for samordning av tiltak. Me meiner det er viktig når ein har såpass avgrensa med midlar, at dei ikkje blir brukte på administrasjon ved å tilsette ein prosjektleiar, slår statssekretæren fast.
I fylgje Lubna Jaffery Fjell er målet med Leseåret å skape ein heilskapleg lesepolitikk og samle oversikt over gode tiltak når det gjeld lesestimulering.

Soria Moria II på nynorsk

Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa (Sp) kan no fortelje at regjeringsplattformen Soria Moria II er komen på nynorsk.
– Det skjedde aldri med Soria Moria I, difor tok eg initiativ til at denne regjeringsplattformen skulle omsettast til nynorsk, seier Kleppa.
Samferdsleministeren viser til at dette bør vere positivt for nynorskbrukande lesarar av dokumentet.
– Og ikkje minst for nynorskbrukande journalistar, meiner Kleppa.
Allereie då Soria Moria I kom i 2005 la Noregs Mållag vekt på dei meinte det var naturleg at regjeringsplattformen kom i nynorsk drakt.

Nye krefter i Bokdykk

Det Norske Samlaget har trekt seg ut av nettbokhandelen Bokdykk og Blåmann barnebokklubb. No tek lokale krefter over.
Dei lokale investorane Trond Økland og Michael Dorfman frå Florø skal drive selskapet vidare som ein nynorskprofilert kulturbokhandel på nett og barnebokklubb for nynorske bøker, heiter det i ei pressemelding frå Samlaget.
– Vi ser fram til å drive Bokdykk og Blåmann vidare som eit frittstående, nettbasert selskap, seier Trond Økland.
Forlagsredaktør i Samlaget, Tove Lie, legg i pressemeldinga vekt på at Samlaget no er godt nøgd med at både nettbokhandelen og barnebokklubben vert drive vidare. No skal forlaget konsentrere seg om å utvikle bøker og forlagsprodukt, seier ho.
Bokdykk AS blei oppretta i 2007 av Samlaget og Økland Invest. I 2008 blei barnebokklubben Blåmann også ein del av selskapet.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag

24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* Snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

lokalt nyhende fra stord
 fittar tynes bomlo
 kvinherad
 kstusjon at for
 nye ting in
 no. Dette sk
 e. kommun
 sprapport
 Han pekar
 ske analyse
 tar at presse
 e. tenestem
 esteringam
 n. fører til
 sam, og prin
 Sveio kom
 art mykje. I
 sketleg å l
 kester eller
 autor ibt ram
 er tilkildt mon
 en vakk ande
 rapporten
 it rapporten
 grunn til su
 or halda fram
 t sett i gang
 nen og følg
 erlegge til
 Mellom det
 y til, er ein total
 alle teneste
 på å få fram
 sial. I dette
 ta, retta sa
 inger som
 nekkepart
 vil de kart
 på eininga
 ka omslitt
 å sjå til at d
 edring av le
 ysing av dese
 eme delings
 å gjennomg
 del for til
 sar til skul
 beider med
 ministere
 på å frigi
 ibt fram
 Det gir v
 pma og det
 et splyvyrte
 nippet er a
 resultat
 innen er kor
 g, men den
 er mykje
 rpin.
 Fale for løst
 ertorbruk på
 ilionar kroner. Ra
 barnehe
 ik på 3,1
 ma opp (1,7
 er gjer ho
 område. ho
 er overforbruk
 og vil kunne
 som det
 lringar. På
 attemkom
 sva har de
 rskoyta «H
 i Fjoldoy
 bt, men er s
 no, ikkje i
 ss. komm
 ilom anna
 000 kroner
 saka har so
 mmenen eter
 vart vurdert
 met. Elgare
 vedtaket
 de difor sak
 innen i vint
 månader
 me folk er
 me saka er
 i klagesm
 i sløte kan
 i dette med
 direkt

Vil samarbeide

Diktarvegen skal styrke samhandlinga mellom regionane langs rv. 13. No vert det konferanse i Balestrand.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

DIKTARVEGEN

Ei litteraturreise langs rv. 13 skal sette fokus på næringsliv, kultur, samferdsle og reiseliv. Samarbeidsparter i prosjektet er: Garborgsenteret, Haugesiftinga, Lølandstiftinga, Jakob Sande-selskapet, Sivlelaget, LNK og Fjordvegen. Prosjektet er støtta av Kommunal- og regionaldepartementet, lokalaviser og sparebankar langs rv 13. 8 og 9 april vert det konferanse i Balestrand. Les meir om prosjektet og konferansen på diktarvegen.no.

Det er meininga at Diktarvegen langs rv. 13 skal bli ein møteplass der ulike grupper kan samlast for å setje fokus på næringsutvikling, kultur og samferdsle i regionane. Diktarvegen går frå Jæren gjennom Ryfylke, Hardanger, Sogn og Fjordane og til Sunnfjord. No inviterer prosjektet til ein konferanse i Balestrand 8. og 9. april der ein vil drøfte korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom desse regionane slik at ein lettare kan løse mange av dei utfordringane kommunane har til felles.

– Det er slik at kommunane langs kysten har vekst, medan dei langs den indre vegen slit. Me må løfte kvarandre fram og hjelpe kvarandre. Me er gode saman, seier prosjektleiari i Diktarvegen, Marny Skeie Henkel.

MØTE KULTUREN

Skeie Henkel er også dagleg leiar i Rasmus Løland-markeringa, som er ein av dei fem forfattarorganisasjonane som er ryggera i prosjektet. Med i satsinga er også Haugesiftinga, Garborgsenteret, Jakob Sande-selskapet og Sivlelaget. Litteraturen og kulturen skal setje sine spor langs vegen slik at dei reisande kan få ei heilt spesiell oppleving. I Suldal har dei allereie fått ei ferje med sitat av forfattaren Rasmus Løland.

– Eg er opptatt av at folk skal møte kunsten, poesian, forfattaren der dei er, at dei ikkje nødvendigvis må oppsøkje den.



DIKTARVEGEN: RV 13 skal bli ei litteraturreise der opplevingane står i kø for dei reisande. Her frå Vangsnes. (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)

Ein kan ikkje oppsøkje noko ein ikkje veit om. Kulturen må vere der folk er. Difor er det viktig å utfordra kommunar, reiselivsaktørar og andre til å synleggjere kulturen, seier prosjektleiaren og kastar fram idear som å møte Olav H. Hauge sin lyrikk på hotella i Ulvik, eller kanskje tekstane til Arne Garborg på Jæren Hotell? Eller kva

med å dele ut lydbøker til trailersjåførar eller på ekspressbussane? Ideane er mange.

NAUDSYNT SAMARBEID

I/S Fjordvegen Rv 13 er eit interesseelskap for den viktige indre samferdselsåra på Vestlandet som går gjennom dei tre fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og



KJEM: Dagleg leiar i iS of Norway Siv Elise Seland (Foto: Jan Nordtveit), Forfattar Frode Grytten (Foto: Astrid Eidlhammer Hjelmeland) og Samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)



Fjordane og i alt 16 kommunar, og som er ein av samarbeidspartane i Diktarveg-prosjektet.

Målet med konferansen me no skal ha, må vere å få ei betre samhandling mellom regionane. Me må få opp den velkjende entusiasmen langs heile strekninga, meiner prosjektleiari i Fjordvegen, Harald H. Løland, og viser til at Nasjonal transportplan som vart lagt fram sommaren 2009, var eit lyspunkt for vegstrekninga.

Rv. 13 fekk behalde riksvegstatusen på stort sett heile strekninga. Det hadde me ikkje klart dersom me ikkje hadde hatt eit samarbeid, slår han fast.

Løland viser også til konferansen som Fjordvegen og Diktarvegen arrangerte i Ulvik i fjor, og meiner det er positivt at fleire grupper kan samarbeide om å skape vekst i regionane langs vegen.

FLEIRE GRUPPER

Her handlar det ikkje berre om å få på plass den gule stripa på vegen, det handlar også om andre verdiar som kultur og litteratur. Det blir større tyngde og gjenomslagskraft dersom desse gruppene klarer å samarbeide. Me har også fått god draghjelp av Nasjonale turistveggar.

Tre av turistvegane ligg langs rv. 13, over Gaularfjellet, i Hardanger og i Ryfylke.

På konferansen i Balestrand deltek mellom anna fylkesordførar i Sogn og Fjordane, Nils R. Sandal, forfattar Frode Grytten, samferdsleminister Magnhild Meltveit Kleppa, professor ved institutt for samanliknande politikk, Frank Aarebrot, og direktør ved Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Randi Bærtvedt. Frå Danmark kjem i tillegg borgarmeister i Viborg kommune, Johannes Stensgaard, som skal snakke om korleis utvikling av lokal kulturkapital startar med barna.



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk, medlem av Språkrådet

SPRÅKRÅD

Bør nynorsknormalen endrast?

Ja, seier me i styret i Språkrådet, og me har fått klarsignal frå Kulturdepartementet til å setja i gang. Ikkje for at me meiner nynorsknormalen er håplaus i dag, eller fordi me trur det kjem ei skrede av nye nynorsktilhengarar berre me endrar normalen. For all del, eg er stolt av nynorsken slik han blir uttrykt av folk flest og av forfattarane våre. Men det er eit faktum at særleg frå skulehald har det vore klaga over at den store valfridomen ikkje blir til hjelp, men heller til forvirring. Kanskje er det særleg svake elevar og elevar som skriv nynorsk som sidemål, som slit mest med at det er mykje å velja i.

I alle fall, onsdag 20. januar var det samla 40-50 menneske i Oslo, til avspark for nemnda som skal sjå på nynorskskrivinga. Det har tradisjonelt vore våre fremste språkvitskapsmenn (i hovudsak menn, ja) som har fylt slike nemnder. Styret har gått ein litt annan veg denne gongen: Brukarane får òg mykje å seia. I tillegg til to vitenskapleg valde, er det ein forfattar og lektor i vidaregåande, ein grunnskulelærer, ein lokalavisredaktør, ei NRK-tilsett og leiaren, Grete Rise. Ho er nettedaktør hjå fylkesmannen i Hordaland. Og så er det fem kvinner av dei sju i nemnda. Det er ein liten sensasjon dersom ein ser på historia til rettskrivingsreformene. Eg har registrert at ein professor har gått ut mot tenkinga i styret: Det er fagfolka som må laga normalen, skriv han.

Kor ber så vegen vidare? Styret har bedt nemnda laga utkast til «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer. Denne nye norma skal vera eit tilbod til alle som ynskjer å skriva korrekt nynorsk, og ho skal gjelda for alle som pliktar å skriva innanfor ei norm.» Det er ei stor oppgåve, og i tillegg krev styret at norma skal vera lett å bruka, uavhengig av formell utdanning og språkkompetanse. Norma må framleis også, sjølv sagt, vera attraktiv for folk i alle delar av landet.

Det nesten sensasjonelle på avsparkmøtet var at me ikkje krangla. Her sat nynorskskolar frå alle leirar, til og med ein riksmålsmann, og var rørende einige om retninga. «Er det dødskrampen som tek til, eller er nynorskskolar råka av røynd?» utbraut ein erfaren målmann etter møtet.

Ikkje veit eg, men i april 2011 skal nemnda ha sagt siitt, og vel eit år etter kan normalen takast i bruk i skulen. Viss harmonien framleis rår, då. Til vidare er eg optimist.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Trur på formidling

– Me håpar å skape meir interesse for nynorsk litteratur, seier Bente Dammen, som er prosjektleiari i Nye tider – ny norsk, som biblioteka i Nordhordland gjennomfører.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bente Dammen frå Osterøy er nyttilsett i prosjektet, som er støtta av LNK og kommunane i Nordhordland. No håpar prosjektleiaren at dei også kan få støtte frå aktørar som fylkeskommunen og Fritt Ord. Målet er å skaffe tilstrekkeleg med midlar slik at ein kan få på plass ei prosjektleiarsstilling i 70 prosent, samstundes som ein kan arrangere fleire aktivitetar. Målet med prosjektet er å gjere dei tilsette ved biblioteka betre rusta til å formidle den nynorske litteraturen.

– 8. mars skal me ha eit arrangement for alle tilsette ved biblioteka der me skal presentere den nynorske barnelitteraturen frå i fjor. Janne Karin

Støylen frå Nynorsksenteret kjem for å formidle bøkene, fortel Dammen og peikar på at formidlinga av litteraturen er avgjerande for korleis lesaren mottok han.

– Me må gjere den nynorske litteraturen meir leiken og meir freistande for lesaren. Då treng dei tilsette ved biblioteka meir kunnskap for å kunne formidle han vidare. Målet er å få dei nynorske bøkene høgt opp på utlansstatistikken.

Sjølv om dei nynorske bøkene ikkje alltid toppar utlanslistene, finst det unntak. I 2009 kom Vaffelhjarte av Maria Parr på 3. plass på utlansstatistikken ved Osterøy folkeboksamling. Det er positivt, meiner Bente Dammen. Prosjektet Nye tider – ny norsk starta opp i 2008, og Dammen håpar det er realistisk å halde liv i prosjektet i fleire år framover. No planlegg prosjektleiinga fleire arrangement, både for vaksne og barn. Mellom anna er det planar om lesesirkel og om å utvikle eit lesepel for barn.

Prosjektet er utvikla av LNK som eit pilotprosjekt, og organisasjonen håpar det kan ha relevans for satsingar andre stader i landet.

Ulfsby ny teatersjef

Erik Ulfsby (39) er tilsett som ny teatersjef ved Det Norske Teatret. Han vil gjerne satse på nyskapede teater.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Ulfsby byrjar i stillinga 1. januar 2011. I innstillinga frå styret vert det lagt vekt på at Erik Ulfsby er ein fagleg sterk kandidat med stort engasjement og sterk motivasjon. Styret viser også til at Ulfsby har ein kunstnarleg visjon som dei trur vil utvikle teatret i positiv retning. Sjølv er han audmjuk og motivert til å byrje i den nye jobben.

– Eg ser fram til å få jobbe saman med alle dei fantastiske menneska på Det Norske Teatret. Saman skal vi peike ut vegen vidare for teatret. Dette er ei stor utfordring som eg gler meg til, seier Ulfsby.

Ulfsby brenn spesielt for den nye dramatikken, dei nye generasjonane skodespelarar og dei nye uttrykka. Han ynskjer å lage nyskapede teater.

– Det betyr jo sjølv sagt ikkje at me ikkje skal setje opp eldre stykke, meiner den nyttilsette teatersjefen.

Erik Ulfsby er i dag ein ettertraktet regissør og står mellom anna bak oppsetjingar som *Isslottet*, *Jungelboka* og no sist *Jesus Christ Superstar* på Det Norske Teatret. I vår blei Ulfsby nominert til Heddaprisen i klassen beste regi for *Lang dags ferd mot natt* (Teatret Vårt) og



(Foto: Astrid E. Hjelmeland)



NY TEATERSJEF: Erik Ulfsby brenn for ny dramatik, men vil og setje opp eldre stykke. (Foto: Det Norske Teatret)

Jungelboka (Det Norske Teatret). Jungelboka fekk Heddaprisen for beste barne- og ungdomsframvisning i 2009, og Ulfsby mottok i 2006 Heddaprisen i klassen Årets teaterprosjekt for framvisninga *Bollywood Ibsen – Fruen fra Det indiske hav*.

Ulfsby er også audmjuk med tanke på at han tek over stillinga etter Vidar Sandem, som har vore teatersjef i 13 år. – Han har vore ein tydeleg og markert teatersjef, slår han fast.



Inge Reidar Kallevåg (H) er ordfører i Bømlo kommune. Kommunestyret har 27 representantar.

Ordføreren om:

Folketalet:

– Folketalsutviklinga i Bømlo er positiv. No håpar me ei realisering av Bømlopakken vil styrkje ho ytterlegare.

Kommunesamanslåing:

– Eg ivrar ikkje for så store kommunar. Men den dagen innbyggjarane ynskjer å slå seg saman, må me sjå på det. Men eg leitar framleis etter dei gode argumenta for å bli ein storkommune. Samstundes skjønner eg at det er ei grense for kor liten



me kan bli.

Kommunesamanslåing er eit heitt tema i Bømlo kommune. Det er mellom anna oppretta Facebook-grupper for både syn, og debatten går friskt i lokalavisa Sunnhordland.

Bømlo (247 km²) er ein landfast øykommune mellom Haugesund og Bergen, med 1000 øyer og 11000 innbyggjarar. Våren 2001 opplevde Bømlo ein ny tidsalder ved at øya vart knytt til fastlandet og naboøya Stord gjennom Trekantsambandet.

Kommunen sitt handels- og kommunikasjonsenter ligg på Svortland. Elles er busetnaden spreidd, med heile 5 tettstader.

(kjelde: Bømlo kommune)

ABC Startside®

- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no

Rustar opp vegnettet

Ordfører Inge Reidar Kallevåg (H) håpar ei realisering av Bømlopakken skal vere med på å sikre framleis vekst i øykommunen.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Arbeidet med å få på plass Bømlopakken starta allereie i 2000. Dersom me framleis skal vere ein kommune i vekst, må me sikre oss eit godt vegnett også internt i kommunen, seier ordfører Kallevåg.

Bømlopakken inneber både opprusting av det opphavlege vegnettet og bygging av nye vegnett. Pakken har ein prislapp på ein milliard kroner og skal gjennomførast i løpet av ein 12-årsperiode. I fjor sommar vart planane vedtekte i Stortinget.

NAUDSYNT SPEISELAG

– Dette blir dyrt for bilistane?

– 60 prosent av kostnadane skal betalast via bompengar. Dersom alt går etter planen, er Trekantsambandet nedbetalt i 2012. Då flyttar me bommen over brua til Spissøy. Då er det meininga å gjennomføre ein ny



SAMFERDSLE: Ordfører Inge Reidar Kallevåg har tru på Bømlopakken. (Foto:Toyni Tobekk)

15-årsperiode med bompengar der. Men takstane blir då kraftig reduserte i forhold til det ein må betale i Trekantsambandet. – *Kva trur du innbyggjarane meiner om dette?*

– Eg trur veldig mange ynskjer betre vegar og aksepterer at dei må vere med og betale. Aller helst skulle me sjølvsagt sett at staten hadde betalt gildet. Men me må vere realistar; skal me få gjort noko, må me

vere med på speiselaget. Det er ingen i Oslo som uroer på korleis vegane i Bømlo ser ut, slår Inge Reidar Kallevåg fast.

GODE KOMMUNIKASJONAR

Bømlo kommune har hatt vekst i folketalet dei siste åra. I 2009 vaks til dømes folketalet med 133 personar frå 1. januar til 1. oktober, då var folketalet på 11 212 innbyggjarar. Ordfører Kallevåg viser til at trenden er klar: vekst i kystkommunane, medan dei indre kommunane slit med folketaalsutviklinga. Han meiner kommunikasjonar, god utbygging av breiband og eit lokalt høgskuletilbod på Stord er viktige faktorar bak folketaalsveksten.

– For unge menneske er jo breiband minst like viktig som gode vegar med gul stripe, slår han fast.

Ordføreren viser også til ei stabil sysselsetjing i kommunen. – Til no har me ikkje hatt problem med å skaffe kvalifisert arbeidskraft til kommunen, men det er klart det kan bli ei utfordring i framtida. Me lyste nyleg ut stillinga som nettredaktør i kommunen og fekk inn om lag 18 søknader. Det meiner me var ganske bra.

Ynskjer samarbeid

– Kommunane i Sunnhordland bør satse på samarbeid for å kunne hjelpe etablerarane på den beste måten, meiner nærings- og utviklingssjef i Bømlo kommune, Magne Raknes.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Målet må vere å få på plass eit tett nettverk mellom kommunane. Slik kan ein i fylgje Raknes sikre at kommunane ikkje må sitje med dobbel kompetanse når det til dømes gjeld etablerarverksemd.

– Bømlo er gode på havbruk, medan Kvinnherad er gode på reiseliv. Med eit tett samarbeid kan kommunane dele nettverk og kompetanse, seier Raknes.

RUGEKASSE

Det interkommunale selskapet Samarbeidsrådet for Sunnhordland gir også i dag etablerarar rettledning for grunderar, samstundes som dei arrangerer etablerarkurs. Selskapet har også eit regionalt næringsfond som blant anna støttar



SAMARBEID: Nærings- og utviklingssjef Magne Raknes, meiner Sunnhordland treng meir samarbeid. (Foto:Toyni Tobekk)

nyskapande tiltak i næringslivet. I tillegg arbeider det regionale samarbeidsorganet Atheno med å etablere inkubatorverksemd i kommunane. Ein inkubator fungerer som rugekasse og fødselshjelp for verksemdar. I dag er det berre Stord, Bømlo og Tysnes som har distribuert inkubator.

– Målet er at me får på plass ein inkubator i alle kommunane. Det er ofte litt forvirrande for etablerarane. Alle vil ha dei, men samstundes er det ofte vanskeleg å

vite kor ein skal ta kontakt for å få støtte, seier næringsjefen og peikar på at meininga må vere at grunderen skal få god støtte både i den enkelte kommunen og i det interkommunale organet.

UTFORDRINGANE FRAMOVER

Raknes legg også vekt på at næringsutvikling handlar om meir enn nyetablerarane.

– Me må også vidareutvikle dei eksisterande bedriftene. Det er ingenting som står i ro, seier han.

– Den største utfordringa for næringslivet i Bømlo no framover vert å kome over finanskrisa. Spesielt i maritim sektor, der det har blitt færre ordrar, ser ein no nokre utfordringar. Men næringslivet her har ein annan bedriftskultur enn på Austlandet og i byane. Verksemdene her sløser ikkje med midlane, difor klarer dei også å overleve slike kriser som denne.

Magne Raknes peikar på at Bømlo har eit spreidd næringsliv med fleire mellomstore verksemdar, der fleire har ein internasjonal marknad. Mellom anna viser han til verksemdar som reiarlaget Eidesvik, fiskeforedlingselskapet Salma og Servogear som gode døme.



SJÅGLAS: Kåre Spissøy har desse liggjande på kontoret sitt. Det kan vere greitt å sjå verda gjennom ulike briller. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)



Får ideane fram

Sertifisert oppmuntlingsagent og idéastro-naut Kåre Spissøy trur på å dyrke dei gode ideane. Kommunesamanslåing kan vere ein av dei.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Som etablerar saknar eg at Bømlo kommune har ei tydeleg rådgjevarrolle. Frå eit slikt synspunkt ser eg heilt klart at ein storkommune i Sunnhordland kan løne seg. I ein storkommune kan ein i større grad samle kreftene og kompetansen som kan rettlege dei som ønskjer å setje ideane sine ut i live.

Spissøy har forståing for at ein enkelt næringsjef i ein liten kommune ikkje kan ha alle rollene ein kunne ønske seg.

– Men vi treng folk med brei kompetanse, som vi kan snakke med og få råd hos. Pengestøtte er òg naudsynt.

Idéutviklarer har sjølv blitt den som gir råd til andre etablerarar. Men, som han seier, han lever av dette og kan ikkje alltid gi vekk kompetansen sin gratis.

BYTA BEITE

Spissøy etablerte seg på heimegarden på Spissøy i 2001 saman med kone og tre barn. Då hadde han budd vekke frå heimkommunen ein del år. Ekteparet hadde gode jobbar i Arendal, Spissøy sjølv jobba i Innovasjon Noreg. Men då bruene og tunnelen i trekantsambandet var bygde og Spissøy vart landfast, valde familien å flytte på seg.

Sidan då har Spissøy starta bedrifta Livsverkstad, kor han jobbar med å hjelpe andre til å oppdage og realisere dei gode ideane, til å setje i gang prosjekt og sjå dei i hamn. Og gode idéar vantar det ikkje på, seier han. Grunderanda er sterk i regionen.

IKKJE BERRE PENGAR

Spissøy er oppteken av å gje etablerarane gode kår utan at fokuset skal vere utelukkande på pengar. Ein god idé avheng først og fremst av personen bak ideen, meiner

han. Er det ein person som er viljug til endring, er produktet konkurransedyktig, og finst det ein finansieringsplan som er gjennomførleg, så kan ideen setjast ut i live. At eit prosjekt skal vere levedyktig berre fordi ei kvinne, ein ungdom eller ein gardbrukar har tatt initiativet, er ikkje eit godt nok grunnlag i seg sjølv for at ein idé kan gjennomførast. Enno verer er det om motivasjonen berre er pengar. – Då kan ein heller gå til NAV, seier han. Den gode idéen, derimot, har eit langsiktig perspektiv og fører til endring.

BRYSAMME BOMPENGAR

Med Haugesund og Bergen som eit like naturleg nedslagsfelt som Bømlo blir det få arbeidsdagar han sit heime på kontoret. – Det blir mykje reising, både med bil, båt og fly. Det har òg sin pris.

Grunderen siktar til passeringa av Trekantsambandet, det vil seie bruene om knyter Stord og Bømlo til fastlandet. Bruene er bompengefinansierte, og sjølv om Spissøy er svært positiv til å ha fastlandssamband, er han skeptisk til kommu-

nen sine planar om ei bompengefinansiert vegoprusting i stor skala.

GLEDE I BYGDA

Spissøy er oppteken av å skape eit levedyktig lokalsamfunn. Korleis det kjennest å bu der ein bur, er vel så viktig som kva som finst der av butikkar og offentlege kontor, meiner han. På Bømlo er det mange små bygder, og for dei som bur der, er det avgjerande at bygda er levande, at folk gjer noko saman. – Det er til tider mykje fokus på store reiseavstandar på byggene. Men vi må nesten alltid i bil usett kor vi skal. Eg trur ikkje det spelar så stor rolle om eg har kort eller lang veg til butikk eller kommunehuset. Det er viktigare at samhaldet mellom folk i bygda mi er godt. Skulle kommunen hans vekse seg større og vekse seg ut over grensene, så er han heller ikkje redd for at avstanden til makt-havarane blir for stor.

– I eit system er ein heilt nøydd til å ha folk som kjenner det lokale, uavhengig av om kommunen er stor eller liten.

Nynorsk språk- og dokumentlære

Todayars kurs for statleg og kommunal forvaltning

ALTERNATIV 1:

Diagnose – kursdag – mellomliggjande arbeid – kursdag
Kurshaldaren lagar ein diagnose som resten av kurset blir lagt opp etter. Det mellomliggjande arbeidet gjev skrivetrening og høve til å arbeida ekstra med språket i organisasjonen.

ALTERNATIV 2:

Enkel diagnose – to kursdagar
Ein enklare variant for dei som treng oppfrisking og som har gode rutinar for språk.

Kursa kan bestillast av ein oppdragsgjever og haldast på arbeidsplassen
Kursa er utvikla i samarbeid mellom Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Høgskulen i Sogn og Fjordane.



HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE



Ho er kostymemakar og har kledd opp både Miss Saigon og Maria Vittoria. – Eg lever i draumen min, seier Janne Robberstad (41), som driv einmannsføretaket Spøt og spindel.



SI EIGA BEDRIFT: Bedrifla mi er meg, ein symaskin og penslane mine, seier bømlokunstnar Janne Robberstad. (Foto: Judith Sorbus Littlehamar)

Lever ut ein draum

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Kunstnaren frå Bømlo byrja som formingslærer for tjuå år sidan og oppretta etterkvart si eiga linje for kostyme og motedesign på Bømlo folkehøgskule. Parallelt med dette dreiv ho som biletkunstnar og treivst med det. Men for nokre år sidan innsåg ho at det var på tide å drive med ein ting skikkeleg, og valet fall på kunsten. – Eg ønskte verkeleg å drive med kostymemakeri. Det kjendest rett å ta det valet.

SAMARBEID MED LAUGET

Ho gjekk i tett dialog med teaterlauget på øya og har sidan då laga kostyme for store oppsetningar som Chess, Miss Saigon og Which Witch. Også Haugesund teater har vore ein god oppdragsgjever

for kunstnaren. No sist laga ho kostyma til Vamp-musikalen Hallo, adjø. Ikkje ein dag har ho angra på valet, sjølv om ho måtte områ seg i ei stund før ho gjorde alvor av det.

– Eg var skeptisk til to ting. For det første om eg ville ha sjølvdisiplin nok til å gjennomføre arbeidsdagane på eiga hand. For det andre om eg ville greie det økonomisk, fortel Robberstad.

GRADVIS ETABLERING

Så langt har ho ikkje hatt grunn til bekymring. På dei to og eit halvt åra som er gått, har ho hatt arbeid heile tida. Mykje takka vere reiarlaga på Bømlo, som har nytta kunstnaren til utsmykking av båtane sine, i tillegg til arbeidet ho har hatt med teaterkostyma.

Ho følte seg ikkje nett som ein nyetablerar som skulle ut i gründerverda på eiga hand. Snarare har ho

vakse inn i dette livet gradvis, seier ho. – Eg registrerte meg som sjølvstendig næringsdrivande på 90-talet. Den gongen fekk eg god hjelp av ein næringsseier, som hjalp meg med søknader og fekk meg av garde på etablerarkurs.

BLOGGAR TIL INSPIRASJON

Opp gjennom åra har ho etablert eit nettverk som gir nye krefter og inspirasjon i arbeidet. Kontaktane har ho knytt via jobbar ulike plassar i verda, men òg via Internett. Ho bruker sjølv blogg som ein arena for marknadsføring og kommunikasjon og opplever dei andre bloggarane som eit slags kollegium.

Nettverka internt i kommunen held ho mellom anna ved like ved å vere med som ressursperson for andre etablerarar i Kvinnoavasjon. Samstundes er Robberstad klar over at nærmiljøet hennar ikkje kjenner til ho og arbeidet hennar i like stor

grad som kunstmiljøa gjer. Litt av grunnen er i følgje henne sjølv at bilete ho lagar til båtane, faktisk ikkje blir sett av andre enn passasjerane; dei blir frakta rett frå atelieret og inn på båten. Det har ho no tenkt å bota på med å prøve å halde utstilling kvart år.

Den gode tilgangen på arbeid har gjort det levelleg økonomisk for kunstnaren, enn så lenge. No er ho spent på om finanskrisa vil føre til at ho får færre utsmykkingsjobbar.

– Eg har sjølv sagt høve til å gå tilbake til lærarjobben igjen. Det er trygt og godt, på alle måtar. Men aller helst vil eg ha det som no, kor eg får høve til å leve av mine egne kreative krefter.

SAGT OM BØMLO:

– Etter samhandlingsreforma vil Bømlo kommune med 11.000 innbyggjarar vera for liten. Bømlo har ei utfordring i at dei i dag blir omtala som «dei utanfor Stord», uttale høgereiar Erna Solberg til Bømlonytt i samband med at ho vitja Aker Stord i januar. Ho la vekt på at distrikta må byggja seg sterkare for å stå mot sentralisering og sikre kvalifisert rekruttering både til kommunane og til næringslivet. Solberg gav også uttrykk for at ein storkommune i Sunnhordland etter hennar meining var ein god idé.

Musikalmiljø i vekst



MUSIKAL: På Bømlo blomst musikallivet. Her er Tonje Bakken i rolla som Gigi og Sigurd Sele som Engineer i Miss Saigon som Bømlo Musikallaug sette opp i fjor. (Foto: Olav Bjørkum)

I fjor var det noregspremiere på den nynorske versjonen av musikalen Miss Saigon. På Bømlo er det eit grande teaterliv.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Det var Maren Laurhammer Gilje og syskenparet Sigurd og Nina Sele som fekk ideen om å starte opp med musikalar på Bømlo. I 1998 var dei i Oslo og såg Jesus Christ Superstar. På veg heim tenkte dei: Dette kan me jo gjere like godt sjølve. Og i 1999 vart det premiere på musikalen i Moster Amfi, fortel leiar i Bømlo Musikallaug, Linda Hellen.

Det er ti år og åtte musikalar sidan den gong. No sist, i 2009, sette musikallauget

opp Miss Saigon. På scenen står både amatørar og profesjonelle skodespelarar.

– Det er ein suksessfaktor og gir framsyninga den ekstra gnisten. Dei profesjonelle kan faget sitt, og for amatørane er det inspirerende å vere med på noko slikt. – Det blir fleire musikalar, det lovar me. Men me veit ikkje akkurat no kva det blir, seier Hellen, som legg vekt på at det krev mange dugnadstimar og mykje innsats for ein premierekveld.

– Vanlegvis går det om lag eit par år frå ideen om ein musikal kjem opp, til me står på scenen. Og me treng mellom 200 og 250 frivillige. Bømlingen er driftig, han gjer ikkje ting halvvegs. Det er nesten som at folk må planleggje ei eventuell familieauke etter musikalprogrammet, seier ho med eit smil.

GDOT MILJØ

Moster Amfi er opphagleg ei nedlagt kalksteinsgruve og vart laga for å arrangere det

historiske spelet Kristkongane på Moster. Etter kvart er Moster Amfi også blitt ein arena for musikaloppsetjingar.

– Det må absolutt vere ein av Nordens finaste utescenar, meiner Linda Hellen og skryt over samarbeidet mellom dei ulike teateraktørane. Mange er aktive både i spelet og i musikalar.

– Det er mykje av det same miljøet, samstundes som begge har sin eigenart, seier ho.

Målet og drivkrafta med arbeidet må vere å skape noko stort. I ei bygd må ein skape dei sosiale arenaene sjølv, meir enn ein må i ein by, trur Hellen. Ho ser heller ikkje vekk frå at det kreative miljøet kan få fleire til å flytte heim igjen til Bømlo.

– Det er sjølv sagt viktig med jobb, barnehageplass og slike ting. Men fritida er også viktig når ein skal bestemme kor ein vil bu. Då kan dette vere avgjerande, meiner ho.

OMSETT TIL NYNORSK

Musikalane og teatermiljøet på Bømlo er i ferd med å bli ei merkevare. Ikkje berre for kommunen, men også for regionen. I dette biletet er også språket viktig.

– Det er viktig for det vestlandske publikumet at me bruker nynorsk. Det er eit musikalsk språk som det er godt å synge på, seier Linda Hellen og slår fast at det handlar om identitet. At det som blir vist fram på scenen er i tråd med den lokale identiteten. Difor har Bømlo Musikallaug brukt mykje tid på å omsetje musikalar som Chess og Miss Saigon til nynorsk for første gong. Runa Våge Krukhaug har vore sentral i alle desse produksjonane. I Miss Saigon stod ho for heile omsettingsjobben åleine

– Det er eit krevjande, men spanande arbeid. Ofte har me også opplæring av dei profesjonelle skodespelarane i korleis dei skal uttale orda. Det er ganske morosamt, men mange av dei blir veldig gode, humrar Hellen.

Musikalmiljøet på Bømlo har også fostra fram talent. Mest kjent er gjerne Sigurd Sele som truleg har markert seg mest i rolla som Jean Valjean i Les Misérables på Den Nationale Scene i Bergen.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Rik historie

Steinriket Bømlo skal gi nye generasjonar kunnskap om ei historisk næring i kommunen.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bømlo har gjennom tidene vore ein arena for gruvedrift og bergverk. I øykommunen har ein utvunne heile sju bergartar. Truleg er det gullfunnet på Lykling som er det mest kjende, men det har også vore gruvedrift på grønstein, rylolitt, kleberstein, kalkstein, svovelkis og granitt.

No skal det etablerast ei utstilling i Moster Amfi som skal vise fram historia om gruvedrifta. Bak Moster Amfi, som opphagleg er ei nedlagt kalkgruve, er det eit nettverk av tunnelar som vart nytta under gruvedrifta. I dag blir den eine tunnelen brukt av skodespelarar som skal opptrø i amfiet. Her skal det no etter planen bli mogleg å oppleve steinhistoria.

Meininga er at skuleelevar og andre skal få oppleve dei ulike steinartane, i tillegg til at dei skal få prøve å grave etter nye funn. Det er også planlagt aktivitetar på andre historiske plassar i kommunen, som til dømes Lykling.

SITATET:

— Det er trist dersom nynorskbrukere går over til bokmål i det de begynner på universitetet. Nynorsk er jo så vakkert! Hør bare på ord som «røynda», «naudsynt» og «kjensle» – ord som dette må jo bare uttrykkes på nynorsk.

Student ved Universitetet i Oslo, Kjell Andreas Oddekalv, til studentavisa Universitas.

Variert bokvår

Vårlista til Samlaget byr mellom anna på ny ei bok frå Anna Gavalda, ei essay-samling frå Frode Grytten, ei uautorisert portrett-bok om Lars Sponheim og ei ny novellesamling frå 70-årsjubilaranten Einar Økland.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– For alle Anna Gavalda-fans blir det ein strålende bokvår, seier forlagsjef i Samlaget, Margit Walsø, i ei pressemelding. Boka *Eit lite sprell* er til liks med dei to førre utgjevingane frå Anna Gavalda omsett av Tove Bakke. Bakke har i tillegg omsett romanen *Desperate personar* av den amerikanske forfattaren Paula Fox. Fox vert rekna som ein av dei mest sentrale forteljarane i amerikansk etterkrigsitteratur. I vår kjem også den færøyske forfatteren Carl Johan Jensen i norsk språkdrakt på Samlaget.

Elles byr bokvåren på ei ny novellesamling, *Forteljingar og fablar frå andre tider*, frå 70-årsjubilaranten Einar Økland, samstundes som 1968-boka *Vandreduene* kjem i ny drakt. Samlaget lanserer også boka *Skriftfest for Einar Økland*, eit rikholdig festskrift redigert av Kjartan Fløgstad, Sverre Tusvik og Jorunn Veiteberg. I tillegg kjem Frode Grytten ut med ny essaysamling, og det vert lansert ein ny pocketserie med Samlaget sine unge stemmer. Dei første som kjem ut i serien er Agnes Ravatn, Niels Henrik Smith, Sigrid og Guri Sørungaard Bothem, Jan Roar Leikvoll, Erlend Kaasa, Hilde K. Kvalvaag og Gaute M. Sortland. I april vert det også lansert ei uautorisert portrettbok om Lars Sponheim, skriven av Olav Garvik og Olav Kobbeltveit. På barnebokfronten kjem Camilla Lundsten med ein ny serie peikebøker for dei minste, medan Kari Stai, som debuterte med den prislønne biletboka *Jakob og Neikob*, kjem med ny biletbok med tittelen *Blodrik og blodfabrikken*.

- Årets nynorsk bok: Songskatten

Den nynorske songskatten er kåra til Årets nynorsk-bok 2009.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Dei fire bokmeldarane i *Dag og Tid*, Bjørn Kvalsvik Nicolaysen, Margunn Vikingstad, Odd W. Suren og Oddmund Hagen, har vore jury i kåringa og funne fram til dei 10 nominerte bøkene. No har lesarane av avisa bestemt kven som vert kåra som den beste nynorsk boka i 2009. Fleire sjangrar var representerte blant dei nominerte. Kjartan Fløgstad sin roman *Grense Jakobselv* var nominert, det var også Brit Bildøen med essayboka *Litterær salong*. I tillegg var Kjersti Rorgemoen nominert med *Purkene snudde seg*, Maria Parr med barneboka *Tonje Glimmerdal* og Aino Kallas med kortromanen *Gjennom eld og vatn*. Blant dei nominerte var det også fleire biografar; Edvard Hoem var nominert for sin *biografi om Bjørnstjerne Bjørnson*, Cecilie N. Seiness for portrettboka om Jon Fosse og Jan Inge Sørbø, som har skrive biografien om Olav Aukrust. I tillegg var



Den nynorske songskatten trakk det lengste strået. (Illustrasjon: Fagbokforlaget.no)

Inger Bråtveit og den svenske forfatteren Cecilie Hansson nominerte for diktsamlinga *Loveprosjekt* og Terje Aarset for boka *Den nynorske songskatten*.

– 2009 var eit godt år for nynorsk litteratur, slår juryen fast i *Dag og Tid*. Og det var altså Den nynorske songskatten som trakk det lengste strået.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– *Kvifor trur du at du er vald ut til å sitja i denne nemnda?*

– Det er nok av di eg er journalist og nynorskbrukar. Eg prøver å vera ein tydeleg og uredde nynorskbrukar, noko eg trur dei som spurde meg, har lagt merke til. I tillegg har eg har alltid vore engasjert i posisjonen til og stoda for nynorsken.

– *Kva meiner du er det viktigaste å tenkja på når ein skal fornya nynorsken?*

– Dersom ein skal gjera noko med nynorsken, må endringane gjera det enklare for folk å bruka språket. Du kan

aktuelt: Ragnhild Bjørge



Foto: Camilla Sorbeim Hovland

Bur: Oslo

Aktuell: Journalist i innanriksgruppa til Dagsnytt, vikarierer no som reportasjeleiar i to korte periodar i vår. Sit i nemnda som skal laga ei enklare og strammare norm for nynorsken. Nemnda er sett ned av Språkrådet, og arbeidet skal vera ferdig 15. mai 2011.

Språk: Nynorsk

Alder: 32

Ragnhild Bjørge (32) yn-sker seg meir orden i nynorsken. No skal ho vere med og lage den nye rettskrivingsnorma.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– *Kvifor trur du at du er vald ut til å sitja i denne nemnda?*

– Det er nok av di eg er journalist og nynorskbrukar. Eg prøver å vera ein tydeleg og uredde nynorskbrukar, noko eg trur dei som spurde meg, har lagt merke til. I tillegg har eg har alltid vore engasjert i posisjonen til og stoda for nynorsken.

– *Kva meiner du er det viktigaste å tenkja på når ein skal fornya nynorsken?*

– Dersom ein skal gjera noko med nynorsken, må endringane gjera det enklare for folk å bruka språket. Du kan

gjern seia at eg yn-sker meg meir orden. Eit alternativ med færre side-former vil vonleg gjera det enklare for folk å navigera i mangfaldet av ord og former. Samstundes meiner eg det er viktig at nynorsken skal normerast på eit sjølvstendig grunnlag, utan omsyn til bokmål.

– *Treng me ei fornying av rettskrivingsnorma?*

– Eg synest nok ikkje me treng ein ny nynorsk, men eg synest godt det kan ryddast litt opp.

– *Kva håpar du blir resultatet av fornyingsarbeidet?*

– Draumen må vera at nemnda kjem fram til ei norm som alle kan vera nøgde med, og at nynorsken får leva i fred dei neste 200 åra. Ei meir realistisk von er kan henda at dette arbeidet fører til at fleire synest det vert enklare å læra og å skriva nynorsk. At forvirringa om kva som er rett og gale, vert mindre, og at nynorsken etter dette får kvila ei stund for neste normeringsordskifte siglar opp.

– *Har du alltid fått lov til å nytta nynorsk som journalist?*

– Ja, det har eg. Hadde eg ikkje det, hadde eg nok funne meg noko anna å halda på med.

– *Kva tenkjer du om at journalistar i mange landsdekkjande medium ikkje får bruka nynorsk?*

– Det gjer meg trist. Trist på vegner av kollegaene mine som ikkje får lov til å uttrykkja seg på sitt eige språk. Trist på vegner av redaktørane og eigarane som ikkje respekterer dei som dei tilset, og som ikkje har teke innover seg at me har to norske språk i Noreg. Dessutan trur eg slik redaksjonell

språktvang går utover kvaliteten på det journalistiske produktet.

– *Korleis kan me løysa det problemet?*

– Dersom nynorskforbodet i VG, Dagbladet og Aftenposten vert oppheva og nynorskbrukande journalistar slepper til i spaltene, så er nok mykje gjort.

– *Kvifor trur du mange, også journalistar, går over frå nynorsk til bokmål?*

– I tillegg til nynorskforbodet i fleire av riksavisene, trur eg det framleis står att ein stor jobb å gjera for å endra haldningane til nynorsk i mange redaksjonar. Negative kommentarar og haldningar kan tæra på den beste.

– *Kva betyr målrørsla for deg?*

– Eg synest at engasjement for språk er viktig og eg synest det er viktig at vanlege folk engasjerer seg for og i språk. Språket er det viktigaste uttrykket for kulturen til eit folk. Sjølv var eg aktiv i målrørsla i mange år. Målrørsla har vore avgjerande for at nynorsken finst i dag. Mellom anna for at elevlar har rett til lærebøker på sitt eige språk. Eg synest rolla målrørsla har spela opp gjennom tida, er så interessant at eg valde å skriva masteroppgåva mi om rolla rørsla spela for og under andre verdskrigen.

– *Kva må til for å styrkja nynorsken som eit journalistisk språk?*

– Det å gjera nynorsken synleg i dei store riks- og regionsavisene vil vera ei styrking i seg sjølv. Det vil nok gjere mange journalistar meir sjølvttillit og truleg få ein del redaktørar til å sjå at det ikkje er så skummelt med nynorsk i spaltene.



Gaute M. Sortland (30) kjem frå Haugesund. Han er songar og musiker i Bergen mandolinband. Johan er hans debutbok.

debutanten


Han ser ned i den klare, kalde sjøen og sandbotnen utfor brygga, og der nede ligg det noko. Det er lyst og skal ikkje vere der. På to meters djup. Det er heilt stille sjø. Klar sjø, og han ser søstera ligge på sandbotnen med den lyse anorakken på seg.

Samlaget 2009.

ABC Startside
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startside.no



Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

Vi har fått ny nettside!

www.pirion.no

Her finn du inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljestunder

Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no

Pirion
- Kulturavis for barnehagar og skular

.....vi har fornya oss

Årets kommune- konferanse i Trondheim 11. og 12. mars 2010



To tette og spanande dagar du bør få med deg!

Dag 1: Næringsutvikling er føresetnaden for lokal verdiskaping og velferd

På talarstolen står mellom andre statsråd Trond Giske, NHD, konsernsjef i KLP, Sverre Thorne, og stortingsrepresentant Per-Kristian Foss, Høgre.

Dag 2: Heiltid, deltid og sjukefråvær

Føredragshaldarar er mellom andre leiar i Fagforbundet, Jan Davidsen, kommentator i E24/forfattar Elin Ørjasæter og professor Victor Normann, NHH.

I fleire år har Kommunekreditt arrangert Kommunekonferansen i Trondheim. At bedrifta vart overtatt av KLP i 2009, endrar ikkje på dette. Igjen er Trondheim staden du treff nokre av kommunesektoren sine viktigaste aktørar! Her er det duka for fagleg påfyll, sosialt fellesskap og nokre av dei viktigaste premissgivarane for kommune-Noreg på talarstolen.

Kommunekonferansen går over to dagar, men kvelden før er alle deltakarar innbydt til Ope hus med servering KLP Kommunekreditt sine lokale. Det vil også haldast ein konsert for deltakarane i Nidarosdomen på kvelden første dagen, samt middag med underhaldning i etterkant. Sett av plass i kalenderen – du og alle dei andre er hjarteleg velkomne!

Påmeldingsfrist 22. februar 2010

For meir informasjon gå inn på www.klp.no/bedrift, eller kontakt Elisabeth Wikdahl på e-post elw@kommunekreditt.no, eller på telefon 900 12 442.

klp
Kommunekreditt